


Leidarsteidn




Årshäfte 2008
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 80,-

Innhald

Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s. 3
Tillitsvalde.....	s. 4
Minnesteinen ved Bømlo kyrkje.....	s. 5
Minnesteinen i Espevær.....	s. 24
Frå Bråskot til Bømlo - Soga om "Minare Knut'n".....	s. 28
Karinstova - og folket som budde der.....	s. 40
Saltebua frå Langevåg - som vart potteri i Sverige.....	s. 48
Baksidebilete.....	s. 52



FORORD

Kjære medlem og lesar!

2008 har vore eit ganske vanleg driftsår for sogelaget. Størstedelen av arbeidet er å skaffa pengar til vedlikehald av dei gamle husa. I år har me ikkje hatt dei heilt store prosjekta når det gjeld restaurering og vedlikehald, men neste år ser det ut for at me må skifta vindauga i Bergeshuset, og det blir ein stor kostnad. I år har me bytta dør og dørstokk på Hilleborgstova. Tusen takk til dei som stod for det. Me har og hatt eit prosjekt gåande på Lageret i Olsahuset. Tusen takk til Colin Grover for det framifrå arbeidet han har gjort der. Takk og til Karl Eide og Bjørn Lønning for malingarbeid på Fridtun. Resten av vedlikehaldsarbeidet har vore det me kallar for “småputl” på godt norsk.

Sogelaget har i år overteke Ådnahytta som me skal vedlikehalda og driva. At me har fått overteke den er takka vera Svein Strand. Takk til han for alt det arbeidet han har gjort for laget. Me har enkelte tankar om kva me skal nytta hytta til, men tek med glede mot fleire gode idear.

Ellers har me vore med og arrangert dansegalla og kystsogedagar saman med idrettslag og skyttarlag. Dette er noko me håpar er kome for å bli. Den tradisjonelle krabbafesten vår vart i år flytta til Bergeshuset og omgjort til ein mimrekveld med rømmegraut, spekemat, song og vising av flotte gamle bilete frå bygda.

I år har det vore ein god del utleige av Bergehuset. Me håpar det blir like bra neste år og.

Me set stor pris på at skulen nyttar dei gamle husa våre under prosjektet “Gamle hus fortel”, og at dei nyttar og vedlikeheld turstiane.

Ein stor takk til Lorentz Reitan for pengegåve til laget.

Til slutt vil eg takka nye bidragsytarar til Leidarsteidn; Nils Henning Vespestad og Tor M. Simonsen. Men me treng endå fleire skrivelystne, så har du noko som kan passa, er det berre å setja i gong. Me treng og nye medlemmer, både aktive og passive. Det er noko som heiter at du skal ikkje eiga meir enn du har råd å la andre vedlikehalda. Mykje sant i det, så meld dykk inn.

GOD JUL OG GODT NYTTÅR TIL ALLE VÅRE LESARAR!

Norvald Nytveit
leiar

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Tlf. 53 42 60 70 / Fax 53 42 60 71

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet i 2008

Styret

Faste medlemmer av styret

Leiar Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)
Nestleiar Bernt Emil Vika, 1 år
Kasserar Ruth Berny Lønning, 1 år
Sekretær Odd Engen, 2 år (gj.val)
Styremedlem Berge Olson, 2 år (gj.val)
Styremedlem Anne Grete Engen, 2 år (gj.val)

Varamedl. til styret:

Knut Hegle, 1 år
Kristen Thorsen, 1 år
Margit Hovland, 1 år
Svanhild Vespestad, 1 år (gj.val)
Nils Peder Holme, 1 år (ny)
Inger Anne Hovland, 1 år (ny)

Arrangementsnemnd

Bernt Emil Vika, 1 år
Ove Aga, 1 år
Signe Lønning, 2 år (gj.val)
Torhild Neset Vika, 1 år
Ståle Vorland, 1 år
Inge Lie, 1 år
Endre Barane, 1 år
Kristen Thorsen, 1 år
Lars Skippervik, 1 år
Liv Olson, 1 år

Restaureringsnemnd

Knut Hegle, 1 år
Normann Larsen, 1 år
Nils Peder Holme, 1 år
Lars Inge Vestvik, 2 år (ny)
Arvid Samdal, 1 år
Reinert Hovland, 1 år
Arne Vorland, 1 år
Leif Egil Barane, 1 år
Leif J. Vespestad, 1 år
Ståle Vorland, 1 år

Nemnd for merking av stiar

Liv Olson, 2 år (gj.val)
Arne Lønning, 2 år (gj.val)
Reinert Hovland, 1 år
Herdis Westrheim 1 år

Skriftstyre

Bernt Emil Vika
Odd Engen
Norvald Nytveit
Berge Olson

Valnemnd

Liv Olson
Einar Vestvik
Mie Grover

Kursnemnd

Signe Lønning
Anne Toft
Anne Karin Pedersen

Internett

<http://www.bomloturogsogelag.no>

Hus-styre for Olsahuset

Anne Grete Engen
Signe Lønning
Kolbjørn Lønning
Magne Vika (ny)



Minnesteinen ved Bømlo kyrkje

Ved Bernt Emil Vika

Minnesteinen over dei falne frå Langevåg, Vika og Holme står i dag ved Bømlo nye kyrkje. Opphavelleg vart steinen sett opp ved vegkrysset mellom hovudvegen nordover og vegen til Vorland. Dette skjedde like etter at 2. verdskrig var over. Då den nye kyrkja var ferdig i 1960, vart steinen flytta til der han står no. På steinen er det gravert inn åtte namn, namn på unge menn som på forskjellig vis miste livet i den store krigen. Nedanfor følgjer ein presentasjon av desse mennene. Det er med djup respekt og takksemd eg skriv om desse personane. Alle valde dei å delta i kampen for vår fridom, og alle ofra dei det største dei hadde, sitt eige liv.

Presentasjonen her skjer i same rekkefølgje som på steinen.



Minnesteinen ved Bømlo kyrkje.



*Minnesteinen slik den var plassert før 1960.
På biletet bakerst: Gunnhild Vika. I midten f.v.:
Janice Olson, Marit Vika, Astrid Vespestad og Gerd Breien.
Framme: Bernt Emil Vika.
I bakgrunnen til høgre ser vi Kyrkjefjellet.*



Appell ved 9. kl. Hillestveit skule 8. mai 2006.

Nils Berner Vika



Nils Berner Vika.

Nils Berner Vika vart fødd den 12. april 1922 på gardsbruket Myrane på Vestre Vika. Foreldra var (Hans) Kristian Vika og Elemina Vika, f. Eriksen i Askøy. Nils var den yngste i ein søskenflokk på tre.

Far til Nils Berner hadde bygt våningshus og løe på garden, han hadde i tillegg veita ut jorda ein del. Han dreiv også fiske, m.a. med notabruket etter faren, Nils Hansen frå Berge. På garden hadde han tre melkekyr, nokre ungdyr og hest.

Her vaks Nils Berner opp, ein god stad for ein aktiv og omgjengeleg gut. Skulen for Nils Berner var på Tjong. Der var P. T. Bore lærar i ei årrekke.

I ungdomen begynte Nils Berner på fiske, som så mange andre på hans alder på den tida. Sommaren 1941 var han med fiskeskøyta "Bob" frå Vika. Om bord der var også to andre unggutar, Jens og Erik Grutle. Den 20. juli det året bestemte

desse tre seg for å stela "Bob" og dra over til Skottland. Turen over gjekk fint, og dei kom fram i god behold den 23. juli.

Ei stund var Nils Berner i flyvåpenet, men søkte seg over i marinen og kom då med i shetlandsgjengen. Han gjorde teneste på M/K "Bergholm", som hadde vorte rekvirert av Royal Navy til illegale oppdrag på norskekysten. Skipper om bord var den legendariske Leif Larsen, Shetlands-Larsen.


Den tredje turen Nils Berner var med til Norge skulle bli hans siste. Den 22. mars 1943 på veg heim frå Træna, utanfor mørekysten, vart dei oppdaga av tyske rekognoseringsfly. Ei stund etter kom to tyske flybåtar, og angrepet var så kraftig at "Bergholm" gjekk ned. Nils Berner vart truffen i foten og hardt sår. Mannskapet måtte gå i livbåten, ein liten båt på 16 fot som i tillegg var skada etter angrepet. Natta til 23. mars døydde Nils Berner av skadane han hadde fått og vart senka i sjøen. Han ville ha fylt 21 år om nokre veker. Dei andre sju av mannskapet rodde i tre døgn før dei nådde land. Alle desse vart redda og kom seg etter kvart over til Shetland igjen. For innsatsen sin i krigen fekk Nils Berner Krigsmedaljen post mortem.

Meir detaljerte opplysningar om Nils Berner Vika finn ein i Leidarsteidn for 2004.



M/K "Bergholm" med livbåten der Nils døydde.

Som så mange andre på den tida skreiv Nils Berner dagbok. Ofte var det små notisbøker eller 7. sans som vart brukte til å skriva i. Faksimilen nedanfor viser første sida av det han skriv i ei av dagbøkene sine.



Første sida i ei av dagbøkene til Nils Berner. Teksten er datert 20. juli 1941, same dagen dei flykta til Skottland.



Kari Vika, søster til Nils Berner.

Nils Berner si søster, Kari Vika, var flink til å skriva dikt. Nyheita om at bror hennar var omkomen i Nordsjøen må ha vore ei stor påkjenning for henne. Kva tid dette diktet vart skriva er usikkert, men det vart lese opp av Kari sjølv på Tjong skulehus, noverande bedehus, den 17. mai 1945, den første 17. mai i frihet etter at krigen var slutt. Diktet avspeglar på den eine sida gleda over friheten som var vunnen, men på den andre sida uttrykkjer det saknet over broren og dei andre som hadde mista livet og var borte for alltid.

*Stille - hør nu ringer kirkeklokker.
Det er fred.*

*Frihetsglede frem det lokker,
senk deg ned
i hvert trett og sorgfult sinn.
Tørk hvert tårevåte kinn.*

*Fredens klokker – ring
Legedom oss bring.*

*Lenge har det lydt kanoners drønn,
mang en sønn
ofret har sitt liv i krigens gru.*

*Stille nu,
vi kan ikke mer dem nå.
Deres minne for oss stå.*

*Fredens klokker – ring
takk og helsing bring.*

*Over Norge atter skal på ny,
morgen gry.*

*De som kjempet har for fredens sak,
skal minnes her i dag.*

*Ofret ei forgjeves var,
de vår frihet vunnet har.*

*Fredens klokker – ring
Framtids fred oss bring.*

John Lodden



John Lodden. Foto frå Anker Gravdal, Stord.

John Lodden vart fødd den 26. august 1916. Foreldra var Hans Lodden og Olava Bertine, f. Hovland. John vart fødd på garden Indre Hovland, gr.nr. 53, br.nr. 1, i huset til besteforeldra sine, Olai og Bertha Hovland. Huset er i dag eigd og brukt av Olai og Johanna Hovland (2007).

Far til John var medeigar i fleire fartøy saman med brørne sine, m.a. kutteren "Sjøblomst" som han førde på makrelldorging i fleire år.

Hans og Olava fekk 9 born, og John var den femte i rekkja. I 1923, då John var 7 år gammal, kjøpte Hans ein tomt av svigerfar sin i Dalen nede ved sjøen og bygde hus der. Her vaks John opp.

Etter at han var konfirmert, var han med på forskjellige fiske. Han var også ein svært flink snikkar, og hadde ein del arbeid som det. Den 8. oktober 1941, 25 år gammal, reiste han med M/K "Norsemann" over til Shetland, der han gjekk inn i Den Norske Marinen som utskreven dekksmann den 26. oktober. Han kom etter kvart med i

Shetlandsgjengen, som mannskap på kutteren "Aksel" ein av dei mange norske fiskebåtane som hadde kome med flyktingar til Shetland.

Den fjerde turen John hadde til Norge på "Aksel" gjekk ut frå Scalloway på Shetland den 6. desember 1942. Dei hadde hemmeleg oppdrag til Averøy på Nord-Møre. Tre agentar skulle setjast på land, og fem tonn med våpen, ammunisjon og sprengstoff skulle lossast. Skipper på turen var Bård Grotle, og i tillegg til John Lodden var I. Brekke, T. Frøysa, S. Berg og O. Aalen mannskap om bord. Dette mannskapet var blandt dei mest erfarne og rutinerte i Shetlandsgjengen.

Då oppdraget på Averøy var utført, sette "Aksel" kursen tilbake mot Scalloway. Den 11. desember, ca. 200 kvartmil nord av Shetland, fekk mannskapet problem og dei sende nødsignal til basen med bøn om hjelp. Det var ein del sjø, men på ingen måte kritisk for båten. Dei hadde vore ute i verre ver før. Eit Catalina-fly og ein motortorpedobåt vart sende ut for å leita etter båten. Verken flyet eller motortorpedobåten greidde å finna "Aksel" den dagen og måtte returnera. Dagen etter greidde Caralina-flyet å lokalisera båten. Nokre av mannskapet på "Aksel" var då i livbåten og dei andre i ein gummiflåte. Dei var i live og vinka til flyet. Kutteren låg synkeferdig og rulla i bølgene like ved. Det var for store bølger til at flyet kunne gå ned, og motortorpedobåten hadde fått skade og måtte retutnera. Dagen etter vart ein storstilt redningsaksjon sett i gong. Dei leita etter mannskapet i fleire dagar, med fly, ein destroyer og andre båtar, men utan resultat. Det har aldri med sikkerhet vorte brakt på det reine kva som var årsaka til at "Aksel" gjekk ned. Det har vore spekulert i om det var sjøen som braut båten ned, om dei vart angripne av tyske fly eller om dei hadde truffe på vrakgods eller gått på ei mine. Tapet av "Aksel" og det erfarne mannskapet var tungt for basen på Shetland, men tapet av sonen, John, må ha vore endå meir smertefullt og vondt for mor og far, Hans og Olava Lodden, her på Bømlo.



Skuleklassen til John Lodden.

*Bakerst f.v. Anton Vestvik, Peder Eidesvik, **John Lodden**, Kristian Tvedt, Mathias Hovland, Kristian Lodden, Erling Vorland, Mathias Andal, Alf Vestvik, Neumann Tvedt, Ommund Eide, Johan Knutsen. I midten f.v. Johannes Hovland, Synnøve Hovland, Ingrid Vespestad, Ingrid Vestvik, Ragna Kallevåg, Johs. Tvedt (lærer), Elisabeth Hovland, Helene Hovland, Anna Strand, Cecilie Hovland, Lars Tveit.*

Framme f.v. Inger Kallevåg, Lilly Vespestad, Emma Lodden, Petra Holme, Ingrid A. Vestvik, Ragna Strand, Marie Langåker, Borghild Kallevåg, Kristine Lønning, Johanna Langåker, Tølly Andal, Anna Torkelsen. Foto frå Svanhild Vespestad.



M/K "Aksel" ligg her til kai ved piren på verkstaden til Jack Moore i Scalloway på Shetland. Foto frå Anker Gravdal, Stord.

Det er aldrig lykket oss å få bragt på det rene under hvilke omstendigheter «Aksel» sank. Det innløp ingen meldinger om tyske fly eller krigsfartøyer i farvannet, heller ikke var det så dårlig vær at båten skulle ha forlist av den grunn. Man må derfor anta at «Aksel» enten støtte på en drivmine eller et vrak og således møtte sin skjebne.

Følgende er et utdrag av den offisielle Shetland Base's historie:

«The skipper of the «Aksel», Baard Grotle, was one of the veterans of the Base, and one of its most forceful and popular characters, His crew were all experienced men, so that this loss was a serious one».

Vi som under krigen arbeidet ved Marinens stasjon på Shetland hadde meget høye tanker om Deres sønn og hans kamerater ombord i «Aksel», og dette tap var meget følelig for oss. Jeg forstår at tapet av Deres sønn må føles tungt, men håper at det vil være en liten trøst å vite at han var en av de tapre menn som satte landets sak fremfor sin egen sikkerhet. Han er blandt de menn som Norge idag skylder sin frihet.

Vennlig hilsen

Thore Horne

Kontre Admiral
(Tidl. sjef for Marinens spesialavd.)

J. C. Johnsen

J.C. Johnsen.
Løytnant.

Herr Hans Lodden,

Finnaas.

Bømlo

T.v.: Skriv til John sin far, Hans Lodden, med orientering om korleis John omkom.

Samtidig gir Kontre Admiral Thore Horne uttrykk for tankane sine om innsatsen til John og resten av mannskapet på M/K «Aksel». Utlånt av Anker Gravdal, Stord.



Krigsmedalje tildelt John Lodden.



I 2003 vart det i Scalloway på Shetland reist eit minnesmerke over omkomne norske sjøfolk i Shetlands-trafikken. Her viser den av minneplatene på monumentet som inneheld John Lodden sitt namn. I Leidarsteidn for 2004 kan ein sjå bilete av heile monumentet i artikkelen om Nils Vika. Foto: B. E. Vika.



U.D.M. John L O D D E N

*har tjenestegjort i Rikets Krigsmakt
utenfor Norge i*

Sjøforsvaret - Marinen

fra 26.okt.1941 til han falt for Norges sak 11.des.

1942.

*Norge takker Deg
for Din innsats i Frihetskampen.*



Olav
Forsvarssjef

Thore Home
Sjef for Sjøforsvaret.

Attest på John Lodden si teneste i Sjøforsvaret, underteikna av forsvarssjef, kronprins Olav.
Familien til John har dekorert attesten med bilete og medaljar. Utlånt av Anker Gravdal, Stord.

Arthur Stelander



Arthur Stelander. Foto frå Gerhard Stelander.

Arthur Stelander vart fødd den 28. juli 1909 på Holme. Faren var Olaf Stelander frå Smevika innst i Melangenfjorden i Troms. Navnet Stelander kjem opphaveleg frå Umeå i Sverige. Olaf var fiskar, og som ung kom han til Espevær og var med på det gode sildefisket der tidleg på 1900-talet. Der traff han Pernille Husa, som var sildearbeidar. Dei gifte seg og kjøpte husgrunn på Holme i 1911, gr.nr. 42, br.nr. 10. Olaf og Pernille fekk 5 born, 2 gutar og 3 jenter. Arthur var den eldste i syskenflokk.

Arthur gjekk på skulen på Tjong. Der hadde han lærarane Ole Helgesen Vorland, "Helj-Olaen", og Peter Bore.

I barndommen dreiv Arthur mykje med fiske. Han var på brislingfiske og balte med teiner saman med faren. Femten år gammal, i 1924, drog han til sjøs. Båtane han var på gjekk i utanriks fart, for det meste på Europa. Då han var 17 år gammal, overtok han huset til foreldra på Holme. Faren sat hardt i det etter som fisket gjekk dårleg, men Arthur, som var sjømann, hadde fast inntekt og kunne greia utgiftene med huset. Han gjekk gradene og vart etter kvart matros.

I 1937 gifta han seg med Ingrid Holme. Dei fekk sonen Gerhard, f. 1938, elektrikar, busett Karmsund ved Haugesund. Han disponerer no huset på Holme.

Arthur var ute under krigen, på D/S «Kolsdal» og seinare på D/S «Vespasian». Som matros på "Vespasian" var han i januar 1941 med i konvoi fra Oban til Mackenzie i Britisk Guyana. Konvoien starta den 21. januar. Det var dårleg ver, og den 23. januar miste fartøyet kontakt med konvoien. Kva som hende med båten er uvisst, men etter tyske arkiv å døma, vart fartøyet truleg torpedert av den tyske ubåten U123 "Moehle" den 24. januar i posisjon 55N og 15W. I følgje ubåten sin angrepslogg kan ikkje andre forsvunne skip enn "Vespasian" vera involvert i angrepet deira. Alle dei 18 nordmennene ombord i "Vespasian" omkom.




*Foreldra til Arthur, Pernille og Oluf Stelander.
Foto frå Gerhard Stelander.*


D/S "Vespasian" vart bygd i Porsgrunn i 1935. Båten var på 1570 br. tonn. Fram til 1940 vart båten kalla "Betta". Den var eigd av Rederi A/S Vespasian og driven av Hilmar Reksten, Bergen.




*Huset på Holme der Arthur vaks opp.
Foto frå Gerhard Stelander.*



Kartet viser posisjonen der "Vespasian" vart torpedert og gjekk ned.



I 1945 sette regjeringa ned ein redaksjonskomité som skulle utarbeida eit minneskrift om dei falne under krigen. Minneskriftet «Våre falne» vart gitt ut i åra 1948-1951. Dei etterlatte etter Arthur Stelander fekk eit eksemplar av dette bokverket av dåverande Bømlo kommune. Faksimilen viser ordførar Enok Eide si påteikning i bokverket.



*D/S "Vespasian"
Foto frå Kristoffer Bergtun si samling, v/Bømlo kommune.*

Jakob Normann Holme




Jacob Normann Holme.

Jakob Normann Holme vart fødd den 8. mai 1921 på Holme. Foreldra var Gjert Olsen og Oline, f. Andersen, begge frå Solund. Dei hadde kjøpt gardsbruket til Endre Engelsen på Holme i 1914 (gr.nr. 42 br.nr. 1). Som det var vanleg på den tida tok folk ofte etternamn etter plassen der dei budde. Etternamnet vart difor etter kvart endra til Holme.

Gjert og Oline hadde ein stor barneflokk, 9 i alt. Jakob var den siste i rekkja, og då han vart fødd, var faren 55 år gammal.

Ved sida av gardsdrifta dreiv Gjert fiske. Han hadde sildegarn, to laksenøter og teiner. På garden hadde han 4 – 5 melkekyr, unglevande, hest og sauer. Jakob gjekk på skulen på Tjong. Her var Peter Bore lærar.

Under krigen, den 6.oktober 1941, drog Jakob, saman med 11 andre personar, med motorskøyta "Nor" til Shetland. Dei kom fram til Lerwick den 8.oktober. Båten vart straks rekvirert av den britiske marinen.



*Foreldra til Jacob, Gjert og Oline.
Foto frå Gerd Holme.*

Jakob valde å gjera teneste i handelsflåten og var først om bord i M/S "Tigre" og seinare M/S "Vibran". "Vibran" var eit etter måten moderne kjøleskip, bygt i 1935 ved Helsingør Jernskibs & Maskinbyggeri, Helsingør i Danmark. Skipet var eigd av Skibs-A/S Ogeka (O. A. Knutsen) og frå mars 1938 drive av Knut Knutsen O. A. S. i Haugesund. Tonnasjen var på 3000 tdw, og motoren ein 9 syl. B&W på 3200 HK. Marsjfarten var på 16 knop, ein relativt høg fart, noko som gjorde at skipet kryssa Atlanteren aleine og ikkje i konvoi. Jakob var smørjar om bord.

Den 18. september 1942

gjekk båten i ballast frå Cardiff i Wales med kurs for Halifax, Nova Scotia i Canada. Fem dagar seinare, den 23. september, vart den torpedert av tysk ubåt U-582 "Schulte". Dette skjedde i posisjon 42.45N/42.45V. Heile mannskapet på 34 nordmenn og 3 britar omkom. I tillegg omkom 11 passasjerar, ein av desse var nordmann.




Skøyta "Nor" som Jakob flykta til Shetland med.




*M/S "Vibran".
Foto frå Knut Morland, Haugesund.*

Krysset viser nokonlunde posisjonen til M/S "Vibran" i Atlanterhavet då den vart torpedert.



Elias E. Vespestad



Elias E. Vespestad. Foto Frå Kirsten Hovland.

Elias E. Vespestad vart fødd 19. november 1906 på garden Vespestad (gr.nr. 56 br.nr. 2). Foreldra var Elias Trondsen Husa (seinare Vespestad) og Kirsten Vespestad, f. Larsen. Dei kjøpte bruket etter Kirsten sin far som døydde brått i 1904.

Elias og Kirsten hadde 11 born og Elias E. var nr. fem i rekkja. Etter som faren hadde gardsbruk og var medeigar i landnotbruk og fiskebåtar, må ein gå ut ifrå at Elias etter skulepliktig alder hadde arbeid både heime på bruket og i fiskebåten.

Men Elias ville ut i verda, og Amerika lokka i det fjerne. Den 3. oktober 1929 fekk han innvilga visum til USA, og den 18. januar 1930 drog han med D/S "Samaria" frå Liverepool med kurs for New York. Dit kom han den 27. januar. Han var då 24 år gammal. Immigrasjonsmyndighetene i New York førde nøye bøker over alle som kom til USA, og om Elias står det m.a. at helsetilstanden hans var god, at han var 5 fot 8 tommar høg og at

han hadde brunt hår og blå augo. Det går vidare fram at han søkte permanent opphald i USA, og at han skulle bu hos kusina si Bietta Lonning, Slater i Iowa. Kva arbeid Elias fekk i USA er uklart, men i immigrasjonspapira oppgir han at han er gardsarbeidar.

Vel etablert i Amerika, søkte Elias om amerikansk statsborgarskap, og fekk innvilga dette. Etter alt å døma hadde han også norsk statsborgarskap og norsk pass. Då 2. verdskrig braut ut i Europa, var det meininga at han skulle prøva å koma seg heim til Norge. I følgje bror hans, Birger Vespestad, kom han så langt at han hadde skaffa seg billetter til heimturen. Men heim skulle han aldri koma. Dei amerikanske myndighetene hadde bruk for han i forsvaret, og han vart innrullert i kystartilleriet med teneste ved Fort Macon, North Carolina. Her skulle han delta i forsvaret av Chesapeake Bay, eit system av fjordar og øyar på austkysten av USA. Han hadde graden Private First Class (PFC) noko som tilsvarar leiande menig på norsk.

Under denne tenesta drukna Elias i sjøen mellom Shackleford og Core Banks i North Carolina den 12. januar 1943. Som fast bustadadresse på denne tida hadde han c/o Mrs. Marie Gjerde, Story City, Iowa. Elias var ugift. Han vart gravlagd med militær æresvakt og båra var dekkja med det amerikanske flagget.

Då Elias kom til Amerika, hadde han ein bror, Ingvald, som allereie hadde emigrert til Amerika. Berre 17 år gammal hadde Ingvald dratt frå Stavanger med "Bergensfjord" og kom til Amerika den 19. november 1924. Då Elias omkom, budde Ingvald i Komak, Texas. Ingvald flytta seinare tilbake til Norge og gifta seg med Birgit Vold. Han budde i Vestvik til han døydde i 1986.

Elias hadde ein yngre bror, Adolf f. 1918, som også omkom i teneste under krigen og som også har namnet sitt på minnestøtta ved Bømlo kyrkje.



Huset på Vespestad der Elias vaks opp. Herfrå kom også Adolf, bror til Elias. Adolf omkom også i krigen og har såleis fått namnet sitt inngravert på minnestøtta ved kyrkja. Foto frå Birger Vespestad.

REPORT OF DEATH		
FULL NAME Vespestad, Elias		ARMY SERIAL NO. 32,333,885
GRADE Pfc	ARM OR SERVICE Coast Artillery-Ft. Macon, N.C.	DATE OF BIRTH Nov. 19, 1904
HOME ADDRESS c/o Mrs. Marie Gjerde, Story City, Iowa		
DATE OF DEATH Jan. 12, 1943	PLACE OF DEATH Bet. Shackleford & Gore Banks, N.C.	CAUSE OF DEATH Accidental Drowning
EMERGENCY ADDRESSEE (NAME, RELATIONSHIP, & ADDRESS) Mr. Adolf Lodden (friend) 814 60th St., Brooklyn, New York		
BENEFICIARY (NAME, RELATIONSHIP, & ADDRESS) Mr. Ingvald Vespestad (brother) Kenak, Texas Mrs. Kirsten Vespestad (mother) Bomlo Haugesund, Norway		
BY ORDER OF THE SECRETARY OF WAR: MAY 21 1943		
THIS COPY FOR THE Q. M. G. (CONFIDENTIAL)		(OVER) LEO J. HOLLAND ADJUTANT GENERAL

Denne dødsattesten har vi fått tilsendt frå National Personnel Record Center, Military Personnel Records, Missouri, USA. Som det framgår av attesten, døydde Elias som følgje av tilfeldig drukning den 12. januar 1943 mellom Shackleford og Gore Banks i North Carolina.

Dette biletet er tatt under gravferda til Elias Vespestad. Frå Military Personnel records i USA har vi fått detaljert rapport om kva gravferda kosta. Med kiste, transport, prestetenester, flagg etc. kom gravferda på \$ 262.41. Elias er etter alt å døma gravlagd på National Cemetery i Washington D.C. Foto frå Birger Vespestad.



Bernhard S. Hovland



*Bernhard S. Hovland.
Foto frå Kristian Hovland.*

Bernhard Hovland vart fødd den 31. mars 1918 på garden Hovland. Foreldra var (Vilhelm) Severin og Stina Karoline Hovland. Severin hadde overtatt gr.nr. 54 br.nr. 3 på Hovland Midtre etter far sin, Nils, i 1913. Same året gifta han seg med Stina, som kom frå Luten.

På garden hadde dei tre kyr, nokre kalvar, gris og sauer. Hest lånte dei ved behov. I tillegg til gardsdrifta var inntektskjelda fiske for Severin, med landnot og drivgarn om vintrane, og elles teinefiske og diverse småfiske. Han var også medeigar i laksenota på Hovland. Huset dei budde i stod omtrent der huset til Kristian Hovland står i dag (2006). Nils, som levde til 1921, budde i den austre stova, medan Severin og Stina budde i kammerset.

Dette vil ein tru etter kvart vart trøgt, for 4 av dei 6 borna dei fekk vart fødte medan dei budde her. Bernhard var nummer tre i søskenflokk. Som dei fleste andre som vaks opp på den tida måtte Bernhard delta i




Gardsbruket på Hovland der Bernhard vaks opp. Foto frå Kristian Hovland.

arbeidet på garden. Dei gjekk annankvar dag på skulen på den tida, og sommarferien var lange. Etter at Bernhard var konfirmert, var han på forskjellige fiske og arbeid.


Den 8. Oktober 1941 reiste han med M/K "Norsemann" over til Shetland. Han tok hyre i handelsflåten og kom ombord i D/S "Veni", der han var til han vart sjuk og måtte gå i land. Han hadde fått kreft, og vart innlagd på eit sjukehus i Edinburgh i Skottland. Der døydde han den 7. februar 1943, nærare 25 år gammel.

D/S "Veni" vart bygd i Sunderland i 1901 som "Tonebridge" for rederiet Galbraith Pembroke & Co i London. Tonnasje: 3006 br. tonn. I 1920 vart den kjøpt av A/S Hiram (Nils Mjelde) i Haugesund og omdøpt til "Veni". Selskapet gjekk konkurs i 1922 og fartøyet vart overtatt av Torvastad & Skaare Sparebank (H. Karluf Hansen). Båten vart så seld til Peder Pedersen Smedvig i 1928.

Etter at Bernhard var død, i mai 1943, gjekk "Veni" i konvoy ONS 7 over Atlanterhavet saman med mange andre norske skip. Den 8. Januar 1948 forliste skipet utanfor Leith i Skottland.



Faksimile av Bernhard si medlemsbok i Norsk Sjømannsforbund.



D/S "Veni". Foto frå Knut Morland.



F.v. Bernhard Hovland, Aanen Hovland og Kristian Eide. Aanen Hovland flykta til Shetland med M/K "Nordsjøen" den 4. august 1941. Bernhard Hovland og Kristian Eide flykta med M/K "Norsemann" natt til 9. oktober 1941. Desse flykta også til Shetland.

Foto frå Kristian Hovland.

Adolf Vespestad



Adolf Vespestad. Foto frå Kirsten Hovland.

Adolf E. Vespestad vart fødd den 3. oktober 1918 på garden Vespestad, gr.nr. 56, br.nr. 2. Foreldra var Elias Trondsen Husa (seinare Vespestad) og Kirsten Vespestad, f. Larsen. Elias fekk kjøpa bruket etter svigerfaren som døydde i 1904. Elias og Kirsten flytta då frå Espevær, der dei hadde budd nokre år, og overtok drifta av bruket på Vespestad. Dei fekk i alt 11 born, og Adolf var yngst i syskenflokk. På bruket hadde dei hest, 3 kyr, nokre ungdyr, sauer og gris. I tillegg til å driva bruket, var Elias medeigar i eit landnotbruk og i fiskebåten "Svanen", seinare "Raun".

I dette miljøet vaks Adolf opp. Etter som han hadde mange brør, var han nok aldri i beit for leikekameratar. Ein god ven var også hunden Molli. Då Adolf byrja på skulen var ordninga slik at dei minste gjekk i det gamle skulehuset (der tannklinikken stod) og dei største gjekk i det nye skulehuset (det som seinare vart grendahus). Lærarar var m.a. Ingeborg Øye Lodden og Johs Tvedt. Som dei fleste andre ungdomane på Søre Bømlo på den tida laut også Adolf vera med i

arbeidet på heimegarden, og i tillegg ta det som måtte tilby seg av hyre på lokale fiskebåtar.

Då krigen braut ut i Norge den 9. april 1940, var Adolf 22 år gammal. I den tidlege fasen av krigen gjekk livet stort sett som før for dei fleste her på Søre Bømlo. Men då det første året av krigen vél var omme, vart faren for å bli innrullert i dei tyske troppane stadig større. Faren for arrestasjon og tysk fangenskap var også overhengjande. Mange valde difor å flykta ut av landet. Den 8. oktober 1941 om kvelden drog Adolf saman med 15 andre unge menn og ei kvinne med M/K "Norsemann" frå Eidesvågen og over til Shetland. Etter ein grundig sikkerhetssjekk, fekk dei fleste flyktningane tilbod om teneste i dei norske styrkane i Skottland, i marinen eller handelsflåten. Adolf valde handelsflåten og var med båtane M/S "Belnor", D/S "Lido" og D/S "Kongshavn". Den 24. februar 1944, medan han var ombord på "Kongshavn", datt han uti ein dokk i Hull i England og drukna. Uhellet skjedde om kvelden, og Hull var mørklagd på grunn av krigen. Adolf vart berre 26 år gammal. Han er gravlagd her på Bømlo. Adolf hadde ein bror, Elias, f. 1906, som også omkom i teneste, og som har namnet sitt på minnestøtta ved Bømlo kyrkje.




*Nils, Adolf og Birger med hunden Molli.
Foto frå Birger Vespestad.*



Kameratgjeng på Vespestad på 1930-talet.

F.v. Nils Vespestad, Johan Hovland, Johan Vespestad, Adolf Vespestad, Kristian Vespestad og Birger Vespestad. Foto frå Birger Vespestad.




"Kongshavn" tilhørde rederiet M.H.Kongshavn & Sønner A/S i Haugesund. Båten var bygd i Preston i 1906 under namnet "Santa Cruz of Bahia" og var på 751 br. tonn. Den vart kjøpt inn til Haugesund frå London som D/S "Langeland" i 1924 og omdøyppt til "Kongshavn". I juni 1944, etter at Adolf var omkomen, deltok båten ein kort periode under invasjonen i Normandie. "Kongshavn" vart seld til Istanbul i 1952 og omdøyppt til "Kilimli". På begynnelsen av 1960-talet vart den hoggd opp. Foto frå Knut Morland.



Foreldra til Adolf saman med broren Nils. Foto frå Birger Vespestad.

Lars E. Hovland



*Lars E. Hovland.
Foto frå Gerd Lodden.*

Lars E. Hovland vart fødd den 29. april 1896 på garden Midtre Hovland (gr.nr. 54 br.nr. 4). Han brukte namnet Lars E., men heile namnet hans var Lars Peder Johan. Foreldra var Endre Olai Hovland og Sønneva Hovland, f. Lønning. Endre og Sønneva fekk i alt 11 born, men tre av dei døydde som små. I søskenflokken som vaks opp, var Lars nummer 6 i rekkja. Huset der Lars vart fødd og vaks opp står framleis, men er no ein del modernisert. Det står like ved hovudvegen ved krysset mot Lønning. På garden var det den gongen jordkjellar, eldhus, smalehus og løe. (Løa brann ned ein gong på 1970-talet). Far til Lars var typisk fiskarbondede. Ved sida av gardsdrifta dreiv han fiske og hadde part i Vespestadnota. Denne parten selde han og kjøpte eiga not, Vodlanota, saman med sønene sine, m.a. Lars. I 1910, då Lars berre var 14 – 15 år gammal, kjøpte han, saman med dei to eldre brørne sine, Roar og

Amund, sluppen ”Volunteer”. Med denne reiste dei på makrelldorging i Nordsjøen. ”Volunteer” hadde ikkje motor, men var ein skarpseglar av rang. I 1915 vart Lars medeigar i kutteren ”Daisy” saman med brørne sine Roar og Endre og to andre frå hovlandsgarden, Johannes J. Hovland og Andor Hovland. I 1916 bygde Lars, saman med faren og brørne sine, stort naust ved Langevåg. Lars gifta seg i 1918 med Rakel Vorland, Vorland (br.nr. 16). Dei kjøpte bruket til Johannes Ersvær (br.nr. 4) på Vorland. Johannes Ersvær og kona Johanna vart buande i huset som vilkårsfolk til dei døydde. Lars og Rakel fekk 7 born. Lars var no for det meste skipper på ”Daisy”, på fiske og fraktfart til båten vart seld i 1939. Etter det var han med andre fartøy frå Bømlo. Under krigen tenestegjorde han også ein del ved kystvaktstasjonen på Ådno.

Den 8. mars 1945 vart Lars utsett for ei ulykke som kom til å kosta han livet. Han var skipper på M/K ”Barodd I”, og i Bømlafjorden vart dei pårende av eit tysk landgangsfartøy. I boka ”Fartøy til fiske og frakt” utgitt av Bømlo Tur- og Sogelag kan ein lesa følgjande om denne hendinga:

”På slutten av andre verdskrigen skjedde ein tragedie i Bømlafjorden – der Lars Hovland miste livet. Lars var skipper på «Barodd», som førte sild vinteren 1945. Ombord var også sonen Edd Hovland, og dei to brørne Helmer og Alfred Barane. «Barodd» hadde gått frå Langevåg tidleg denne fine vinterdagen. Dei skulle losse sild i Knarrevik ved Bergen. Omlag halvvegs mellom Langevåg og Mosterhamn kom ein tysk landgangsbåt bakfrå. Utan noko slags forvarsel køyrde dei rett inn i «Barodd». Styrehuset velta og begge mastene brakk. Styrehuset vart nærast pinneved. Lars Hovland stod åleine i styrehuset, Helmer var nede i maskinen og Alfred og Edd låg til køys framme. Dei to vakna av brakket og sprang opp på dekk. Synet som møtte dei var frykteleg. Lars hadde velta med styrehuset, vart klemd og hadde fått store indre skader. Helmer, som kom springande frå maskinrommet, datt og skadde

foten sin. Då tyskarane såg kva som hadde skjedd, snudde dei og taua «Barodd» attende mot Langvåg. Det tok ca. ein halv time. Då dei nærma seg, var fiskebåtane komne ut for å dra botnagarn. Det var veldig mange blåser i sjøen, og tyskarane trudde at hamna var stengd. Dei sleppte «Barodd» ved innløpet til Langevåg og drog sin veg, kort og godt. Andre skøyter tok over og fekk «Barodd» inn til Olav Barane sin kai. Dr. Sørensen var alt på plass, han var blitt varsla og kom frå Finnås på rekordtid. Noregs Sildesalslag sin inspeksjonsbåt «Eskimo» låg ved same kaien. Der var Fridtjof Fylkesnes frå Espevær ombord.

– Vi vart spurde om vi kunne gå til Haugesund med Lars og Helmer. Dei måtte til sjukehus begge to. Legen var med og eg trur vi brukte berre halvanna time før vi var i byen, seier Fylkesnes. Lars Hovland døydde same dagen. Helmer Barane var på sjukehus lenge. Fridtjof Fylkesnes fortel at grunnen til ulukka aldri er blitt oppklart. Det var stilt og fint vær, med god sikt. Rykta gjekk om at det hadde blitt festa og drukke ombord i landgangsfartøyet, men det er aldri blitt stadfesta. Denne hendinga gjorde sterkt inntrykk på folk i bygda og vil aldri bli gløymd. Seinare vart «Barodd» reparert. Den vart god som ny og var på fiske i mange år etterpå.”



*Lars E. Hovland og Johannes Hovland.
ombord i M/K "Daisy".*



*Huset der Lars vaks opp. Bileter er teke i 1907 då Lars var omkring 11 år gammal.
Foto frå Per Arne Lønning.*

Minnesteinen i Espevær

Av Rolf Nesse

Folka på Espevær reiste ein minnestein over dei frå Espevær som fall i Norges fridomskamp 1940 – 1945. Steinen vart avduka søndag 4. august 1946.

På steinen finn me to namn:

Reidar Kristian Andreas Nilssen, f. 19. juli 1912, d. 9. april 1941.

Knut Amundsen, f. 17. november 1923, d. 6. juni 1944.



Frå avdukinga av minnesteinen framfor bedehuset på Espevær søndag 4. august 1946. Det var sokneprest Peter Robberstad som heldt talen og stod for avdukinga. Foto frå Rolf Nesse.

Reidar Kristian Andreas Nilssen

Reidar vart fødd og vaks opp på Holmen, Espevær. Foreldra var Sivert Nilsen frå Vestvik og Lovise Johannesdtr. frå Luten. Dei fekk bygsla eit stykke på sørtaustsida av Holmen i 1902 og bygde sjøhus der med våning oppe. Dei bygde også løe med fjøs. I tillegg til det som den

vesle jorda gav, livnærte Sivert seg som fiskar og bøkkar. Sivert og Lovise fekk 9 born, 4 jenter og 5 gutar. Ein av gutane døydde i 1915, 11 år gammal. Reidar var den yngste i flokken, og var berre 4 år då faren døydde i 1916. Lovise laut då slita hardt i mange år. Ho hadde to kyr, dreiv med

baking og var ”telefonistinde” på Både-huset.

Då Reidar var gammal nok til det, fekk han seg også arbeid på Holmen, som læregut hos J. Sørensen Mek. Verksted. Etter endt læretid reiste han til sjøs for å få fartstid i maskinen. Då han kom heim, reiste han til Haugesund for å gå på maskinistskulen.

I 1939 mønstra han på M/S ”Sofie Bakke”, Chr. Hålands rederi i Haugesund. Denne vart pårent og så mykje skada at den gjekk ned. Alle om bord vart berga.

Kort tid etter mønstra Reidar på M/T ”Buesten” av Tønsberg. Denne båten var bygd ved Barclay Curle & Co i Glasgow i 1927 og var på 8100 dwt.

Etter at Reidar hadde vore om bord i om lag 8 månader, den 9. april 1941, på årsdagen for det tyske overfallet på Noreg, gjekk tyske fly til åtak og skaut skipet i brann. ”Buesten” var då lasta med omkring 7200 tonn bensin og var i konvoi HX 115 utanfor kysten av Sør-England, like ved byen Dartmouth. Skipet forliste, og av eit mannskap på 35 mann omkom 28, blant desse Reidar. Han vart 29 år gammal.


Mor til Reidar, Lovise Nilssen, skreiv til rederiet i 1945 for å få meir greie på omstendighetene rundt forliset. Ho fekk då oppgitt namnet på ein styrmann, Sverre Orseth, som hadde overlevd, og ho tok kontakt med han pr brev.

Her følgjer svarbrevet ho fekk frå styrmannen.

Oslo 25/11 - 1945

Fru Lovise Nilssen

Det er nokså lang tid allerede, siden jeg fikk Deres brev av 27. august 1945. Men det blev liggende en stund i Kristiansund N., før det blev sendt til mig her i Oslo. Jeg er i marinen for tiden og har vært stasjonert i Oslo siden jeg kom hjem til Norge i sommer. - Det er riktig, fru Nilssen, at jeg seilte sammen med deres sønn Reidar Nilssen på ”Buesten”, da skipet forliste den 9de april 1941, årsdagen for tyskernes angrep på Norge.



Reidar Kristian Andreas Nilssen.
Foto frå Kjell Amundsen.

Desverre, - jeg kan kun bekrefte at Deres sønn kom bort ved dette forliset. Hvor fryktelig det enn var, så tror jeg at hans lidelser var kortvarige - om det kan være nogen trøst. - Han var på vakt i maskinrummet, og dette er akterut på en tankbåt. 25 mann var akterut i ulykkesøieblikket - og ikke én eneste mann av disse blev reddet. Deres sønn, tør jeg si, gikk ned med båten. Det var intet håp for de 25, desverre. De kunne ikke greie å komme i båtene, og eskortefartøiene greide ikke å gjøre noe. For oss på midtskipet var det umulig. Så nokså håpløst ut for alle. Vi var 10 mann på midtskipet, 3 blev skutt ned av maskingevær-ild. Så var vi syv igjen av 35, som greide å berge oss. Kapteinen var en av de syv reddede, men han blev drept i London en uke senere, under et tysk luftangrep. Så var vi 6 igjen, og såvidt jeg vet, lever vi alle seks, uskadd av krigen. Jeg har forresten vært hjemme og besøkt mor, som nu bor på landet på Nordmøre. Huset vi bodde i, i Kristiansund N., brente i 1940.

Deres sønn kom om bord i ”Buesten” i 1940 om høsten, og var med i ca. 8 måneder. Han blev ikke funnet efter forliset. Det hele skjedde i Den Engelske Kanal, like ved byen DARTMOUTH.

Ja, det er vel ikke mer enn disse bare fakta

jeg kan skrive, mange, mange har mistet sine nærmeste på sjøen, og De er en av Dem. Så vidt jeg husker var Reidar gift hjemme i Norge, og De vil kanskje være så snild å hilse hans kone (og barn) fra styrmannen. At det var bare godt å si om Reidar, er vel ikke nødvendig for mig å nevne.

Er det noget mere De måtte ønske opplysning om, så hører jeg kanskje fra Dem? Må jeg få ønske Dem en god jul!

*Med ærbødig hilsen
Sverre ORSETH*

Knut Amundsen


Knut Amundsen vart fødd på Nymannshuset i Espevær den 17. november 1923. Foreldra var Kaia og Arnund Amundsen. Dei hadde sju born, fem jenter og to gutar. Knut var nest yngst.

Frå Knut var konfirmert og til han drog til England var han med faren og broren på M/K "Succeed" i råstoff-fart.

Den 1. desember reiste han saman med tre kameratar med M/K "Medina" mot Shetland. (Sjå Leidarsteidn for 2006). Dei hadde tidlegare prøvt å koma seg over med ei skøyte frå Bremnes, men måtte snu på grunn av dårleg ver. Men denne gongen kom dei seg over og kom inn til Fair Isle.

Dei kom alle til å gjera teneste i Den Norske Marine. Knut kom med der den 17. desember 1941. Han gjekk rekruttskulen på Skegnes fra 22. desember til 24. februar 1942. Deretter var han i teneste på fleire jagarar, ein av desse var "St. Alban". Om bord i denne var han i 12 månader og eskotere 22 konvoiar over Atlanteren. Han var og med då tyske fly gjekk til åtak under ein eskortetur til Murmansk.

Han kom så ombord i den heilt nye jagaren "Svenner" med kapteinløytnant Tore Holte som skipssjef og heiste kommando den 8. mars 1944. Med denne øvde dei svært mykje saman med jagaren "Stord" og engelske jagarar av same klasse. Mannskapet forstod at øvingane dreidde seg om noko ekstra, men visste ikkje kva. Dette vart klårt for dei den 6. juni 1944, D dagen.



Knut Amundsen. Foto frå Else Udal.



Nymannshuset med M/K "Succeed" framfor. Foto frå Odd Sønstabø

”Svenner” vart då med under innvasjonen i Normandie.

Tidleg om morgonen låg dei klar i posisjon og skulle bombardere oppgitte mål på signal. Men dette vart det ikkje noko av, for kl. 05.37 vart ”Svenner” truffen av ein torpedo midskips og brakk i to. Over høgtalaren fekk dei ordre om å forlata skipet. Av eit mannskap på 231 omkom 33, deriblant Knut. Han stod på post midskips og hadde såleis ingen sjanse til å kome seg unna. KNM ”Svenner” vart ei stund ståande som ein V før den la seg over på sida og gjekk ned.

Både Reidar Kristian Andreas Nilssen og Knut Amundsen vart, post mortem, tildelt krigsmedaljen for den innsatsen dei utførte under krigen.

Nordahl Grieg skreiv om dei norske sjøfolka i diktet Kongen, som me vil ta med eit lite utdrag av her:

*Førti tusen norske sjøfolk,
En for alle, valgte strid,
Valgte flammedød og kolbrann
Valgte drift på spinkle flåter,
Tusen ville mil fra hjelpen,
Evig heder skal de ha.*

Kjelder til artiklane om minnesteinane ved Bømlø kyrkje og i Espevær:

Kristoffer Bergtun: Opplysingar om personar frå Bømlø som var ute under krigen.

Kari Shetelig Hovland: Bømlø Bygdebok III

Ola Bøe Hansen: Sjøkrigens skjebner, -deres egne beretninger.

Bømlø Tur- og Sogelag: Fartøy til fiske og frakt
Samtale med Else Udal (søster til Knut Amundsen).

Samtale med Gerhard Stelander, Gerd Lodden og Kristian Hovland.

Brev utlånt av Kjell Amundsen.



KNM "Svenner".



*Minnesteinen i Espevær slik den ser ut i dag.
Foto: Rolf Nesse.*

Frå Bråskot til Bømlo – soga om ”Minare-Knut’n”

Av Nils Henning Vespestad

Mange personar har sett spor etter seg på Bømlo – innfødd bømbling eller ei. Deriblant ”Minare-Knut’n”, mannen som i ei årrekkje var bygda sin eigen murar og skytebas. Dette er soga om ein mann og ein familie som kom utanfrå og slo seg ned på Bømlo for over hundre år sidan, og som har fått ei imponerende mengde etterkommamarar i bygda, på Haugalandet og Vestlandet elles. Forfattaren av denne artikkelen er tipoldebarn av ”Minare-Knut’n”.

1850- og 1860-åra:

Barne- og ungdomsåra til Knut

Vår soge tek til ein vårdag i 1851, meir eksakt 5. mars. Då sette den 20-årige, ugifte Helga Larsdatter Bråskot til verda ein litan gut i Sandeid i dåverande Vikedal kommune (i dag ein del av Vindafjord). Faren var 25-åringen Osmund Knutsson Sønnanå. Han kom frå bygda, medan Helga hadde budd her nokre år saman med familien sin.

Sonen fekk namnet Knut, etter farfaren sin. Han vart boren til dåpen som ”uægte barn” i Sandeid 21. april samme år. Allereie som spebarn flytta han saman med mora Helga og hennar familie tilbake til Skånevik kommune, til hennar heimgard gjennom fire generasjonar, Bråskot. Garden ligg på ei fjellhulle halvtanna hundre meter over Åkrafjorden, på motsett side og litt vest for Langfoss i noverande Etne kommune.

Knut vart fødd samme året som Arne Garborg, i ei tid då Oscar I var konge i Noreg og Sverige og det ikkje fantes eit einaste politisk parti her i landet. Seks år hadde dessutan gått sidan forsamlingshuset ”Fridtun” på Langevåg vart bygd.

Sine første år tilbrakte Knut på Bråskot saman med mora og hennar familie. Elles i verda herja Krimkrigen og sjukdommen kolera på denne tida, men det spørers kor informert familien på den vesle fjellhylla var om elendet. Dei hadde vel uansett nok med sitt, og tok det truleg med stor ro då det etter kvart nådde fram meldingar om at Noreg hadde fått sin første jernbane, telegrafline og frimerke.

Stor stas vart det nok då pappa Osmund

flytta etter Knut og mamma Helga til Bråskot i 1855, og då ”ungkarl Osmund Knudsen Søndena” og ”pige Helga Larsdatter Broskot” gifte seg i Skånevik 29. juli samme år. Helga var då gravid med deira barn nummer to, Valborg, som kom til verda allereie 23. september samme år. Valborg vart såleis ein av dei totalt 1.490.047 personane som budde i Noreg ved årsskiftet 1855/1856. Så strøymde det på seks nye søsken: Ingeborg 22. mars 1857, Anna Serina 21. april 1860, Helga 24. desember 1863, Lars 27. februar 1866, Osmund 20. august 1870 (Osmund skal ha døydd kun ein og ein halv månad gammal) og Marta Oline 22. februar 1872. Knut var altså nesten 19 år då han fekk si siste veslesøster.

Det hadde etter sigande vore liv på Bråskot-garden sidan vikingetida, då det nok låg mange langskip innover i Åkrafjorden. Bråskot skal ha vore vardevakt for eit kongesete på garden Mosdalen noko lenger inne i fjorden, og vakta på Bråskot hadde strålende utsikt mot havgapet i vest og alle fiendlege skip som kom siglande innover Åkrafjorden.

Den samme flotte utsikta kunne Knut nyte i barndommen, medan han vaks opp på den aude og noko utilgjengelege garden langt frå folk. Han hadde ein farleg leikeplass utanfor barndomsheimen sin, og mor Helga måtte etter tur tjora fast både Knut og småsøsknene hans så dei ikkje skulle falle ned i fjorden – slik både Helga og hennar mamma Valborg i si tid vart tjora fast. Mellom Bråskot og fjorden er det stupbratt, og den dag i dag må ein vera konsentrert når ein skal forsera den kronglete stien. Turen opp tek ein halvtimes tid.



Knut tilbrakte sine første år på Bråskot. Rundt 160 år seinare, og over 60 år etter at garden vart fråflytta, er naturen i gang med å ta tilbake staden. Bileta er tatt med to års mellomrom, sommaren 2006 og 2008. Bileta viser også den storslagne utsikten frå Bråskot.

Foto: Egil Lodden og Nils Henning Vespestad.

Bråskot hadde ein del englappar mellom alle bergknausane, og over bøane var terrenget slakkare med mykje fin furuskog. Garden var mykje større enn ein får inntrykk av ved å sjå den frå Langfossen-rasteplassen eller kaien på Viskjer, tvers over Åkrafjorden: Bak restane av våningshuset og dei store fjelltoppane er det store skogar, der ein hogg tømmer som vart frakta ned til fjorden via Eikemo-garden.

Ein kan anta at Knut og søskena hans leika mykje både på bøane og i skogen, men også at dei tidleg måtte hjelpa til heime. Nede ved sjøen hadde garden dessutan naust og bryggje, og Knut vart truleg sjøvant allereie som barn.

Familiesoga seier at dei skal ha site godt i det på Bråskot, og garden vart omtala som ein av dei rikaste skogsgardane i fjorden. Det vert fortalt at gamlebonden på Bråskot hadde to setlabøker, ei for dei store og ei for dei små spesidalersetlane. Mellom anna var dette velkjent på handelsstanden Markushavn på andre sida av Åkrafjorden.

Men velstanden hadde ikkje komme til gards med sønnavinden, som det vart sagt. Då det vart halde skifte etter Helga si farmor og Knut si oldemor, Siri, sommaren 1814 – kort tid etter at Noreg hadde fått si grunnlov – var det ikkje store buet å arva. Helga sine foreldre Lars og Valborg, samt Helga og ektemannen Osmund,

må ha snudd den økonomiske situasjonen ved hjelp av mykje og hardt arbeid. Helga, som altså var Knut si mor, hadde nok tøffe dagar då ho bar høybører på ryggen heim frå fjerntliggjande uteløer til svoltne krøtter, ifølge saga berrføtt over frosne myrar og singlande ispyttar.

Det vart ikkje så mykje åkerdrift på Bråskot, det var det ikkje plass til, men skogs- og fedrift må ha gjeve rimelege inntekter. Familiesoga seier for øvrig at gamle Bråskot'n gøymte unna noko av formua si, og at det skal liggja ikkje mindre enn ein skatt gøymt ein eller annan stad på den gamle garden.

Me veit ikkje om dei store hendingane elles i verda medan Knut var smågut, nådde fram til den stadig aukande familien: Lenger vest i Noreg, på Bømlo sto Kulleseidkanalen ferdig i 1856, mens den første telegrafstasjonen i Noreg kom året etter – eitt år før USA fekk sin transatlantiske telegraf. I 1859 skreiv Bjørnstjerne Bjørnson Noreg sin nasjonalsong "Ja, vi elsker", mens kong Oscar I døydde og sonen Karl IV vart ny konge over Noreg og Sverige. Tilbake i USA var det harde kampar mellom nybyggjarar og indianarar. Slaveproblematikken var også eit stridstema. 4. mars 1861 – dagen før Knut fylte ti år – vart Abraham Lincoln innsett som den første republikanske presidenten i USA. Samme vår

var den amerikanske borgarkrigen ein realitet. Det første postopneriet i Bømlo sto for øvrig ferdig i 1863.

Langt unna USA hadde Knut på denne tida starta karrieren som arbeidskar. Allereie i niårsalderen byrja han som gjetargut på ein fjellgard i Urtedalen. Han hadde likelydande arbeid på fleire av gardane langs Åkrafjorden dei neste åra, fram til han vart konfirmert i Skånevik 15. oktober 1865. Så gjekk vegen til faren sine heimtrakter, Sandeid, der han tente som dreng ulike stader i ni år. Fem av desse åra tilbrakte han hjå Gudmund Haaland. Deretter vart det to år i Ølen, hjå lensmann Abel Boksnæs.

I løpet av desse åra var borgarkrigen i USA over og president Lincoln myrda, fleire hundretusenar døde av kolerautbrot i USA og Europa, medan kvite og farga fekk samme rettar gjennom den amerikanske borgarrettslova. Vidare hadde svensken Alfred Nobel utvikla og fått patent på dynamitten. Knut var dessutan 18 år då den seinare dronninga i Noreg, Maud, kom til verda i 1869.

1870- og 1880-talet:

Knut som ung vaksen

Midt på 1870-talet var Knut ein vaksen mann i midten av 20-åra. Trass i at han var eldst i barneflokk, reiste han ikkje heim til Bråskot for å ta over garden. Båe foreldra levde, og det var den beintøffe søstera Helga som mange år seinare tok over garden – etter å ha vore på fiske på Island og Færøyane i sine unge år. Helga dreiv garden til etter andre verdskrigen.

Knut sette på si side kursen mot Valestrand i noverande Sveio kommune, der han ville livnære seg med vegarbeid. Hit meldte han flytting sommaren 1877, og busette seg på Gramshaug. Allereie 29. juli samme år, kort tid etter at han kom til gards, vart det skipa til bryllup mellom ”ungkarl, jordarbeider Knut Osmundsen” og den drøyt halvtanna år yngre ”pige Serine Olsdatter”, fødd 30. november 1852 – og busett nettopp på Gramshaug.

Serine var dotter av Ole Kristiansen og Siri Mikkelsdatter, husmenn på Stykket under Gramshaug gard. Dei hadde bygsla plassen i 1854, då Serine var to år gammal. Far Ole kom fra nabogarden Eidsvåg, mens mor Siri vaks opp på heimgarden til far sin, Totland på Moster. På

morsida slekta Siri frå Spissøy. Serine sin far døydde allereie i 1873, 49 år gammal, mens mora vart buande på Stykket til ho døydde i 1902.

Det nygifte paret flytta etter kort tid til Hystad på Stord, og allereie 3. oktober 1877 fekk dei sitt første barn. Dottera Olive Marie vart døypt på Stord 25. november, og vart ein av dei i overkant av 1,8 millionane personar som budde i Noreg ved årsskifte.

Knut vart no tittelert som ”arbeidsmand” og ”industriarbeider”. Han byrja å brødfø seg ved mur- og steinarbeid. Familien vart buande på Stord i nokre år, og barna strøymde på: Helga Sofie kom til verda 14. juli 1879 og Osmund 23. august 1881. Sevarhagen (i dag: Sævarhagen) er oppgjeve som bustad. Og på husmannsplassen Leite under Sævarhagen gard budde det ganske riktig ein Knut med familie på slutten av 1800-talet, før dei flytta til Bømlo. Vedkommande vart kalla ”Treskje-Knut’n” – og me kan ut frå kallenamnet lesa at Knut reiste rundt og hjalp bønder med tresking, sikkert for å spe på inntekta si.

I det Sigurda Anette Kristine vart fødd 6. oktober 1883, var nabogarden Hystad igjen oppgjeven som adresse – akkurat som då Knut og Serine kom til Stord. Familien flytta så heim igjen til Gramshaug i ein periode. Her sette Serine til verda sonen Oluf Dortheas 30. april 1885. Men dei slo seg ikkje i ro lenge på fastlandet: I løpet av åra 1883-1888 valde Knut å reisa lenger vest for å jobba i gullgruvane på Lykling. Den største gullfeberen i Noreg inntok staden tidleg på 1880-talet. I 1883-84 herska det ein enorm optimisme i området, og frå fjern og nær strøymde det på med eventyrlystne gullgravavarar. Desse slo seg ned i det som fantest av ledige rom og provisoriske skur, og henta i løpet av nesten 30 år ut 200 kilo reint gull.

Knut må ha vore med om lag frå starten i gulleventyret. Me veit ikkje kor lenge han var på Lykling eller kva oppgåver han hadde, bortsett frå at han arbeidde med stein, mur og sprengning – tre viktige stikkord for mykje av arbeidet som føregjekk i området desse åra.

På denne tida, vel ti år før århundreskiftet, var det båtar som ”Ryfylke”, ”Vikingen” og ”Folgefonden” som sto for den vesle offentlege korrespondansen mellom øysamfunnet og Haugesund. Men folk flest nytta gjerne egne

båtar når dei skulle til Haugesund for å handla stort, også Knut. Utan sut sette han seg ein dag i robåten på Lykling for å dra til Haugesund på handletur, heilt åleine. Det vart ein ekstra stabasiøs tur denne dagen, og i ettertid meinte Knut sjølv at han nesten hadde sett livet til på ferda:

”Da han paa denne tur hadde rodd sig litt nedenfor Espevær røk det op med en svær nordvestkuling av verste slag. Sjøen og strømmen blev saa svær at det var uraad aa ro inn til nærmeste land. Han maate drive for været. En liten stund laa han i ly av Ramsholmene, men da han befant sig midt paa Sletten, mistet han kjeipen og den ene aare. Heldigvis hadde han to par aarer med, ellers hadde det ikke sett rart ut. Han maate den hele tid ”kaate” og streve med aarene, for aa holde styringen paa baaten. Der for forbi enkelte større fartøier som skulde til Haugesund, men han fikk ikke tid til aa vinke efter hjelp, da han hadde sin fulle hyre med aa holde styring paa baaten, saa at den ikke skulde fylles. Da han endelig naadde Haugesund, fløt tiljene i baaten. Da haugesunderne spurte hvor han kom fra, og han svarte han kom fra Lykling, trodde alle at det var oppspinn, men det blev bekræftet av de fartøifolk som passerte ham paa Sletten. Han sier at det var et Guds under at han kom fra det med livet. Han trodde aldri at han hadde sett land mer”, heiter det i ein jubileumsomtale i Haugesunds Dagblad rundt 40 år seinare, då Knut fylte 85 år.

Medan familien budde på Lykling, kom barn nummer fem til verda: Valborg Leonora vart fødd 27. januar 1888 som dotter av ”grubearbeider” Knut Osmundsen Hystad og hustru Serine Olsdatter. Nøkling, som er ein annan skrivemåte for Lykling eller Løkling, er oppgjeven som bustad. Valborg Leonora vart skriven inn i kyrkjeboka for Bremnes, men døypt i Moster. Kanskje kan årsaken vera at fødselen skjedde i det familien igjen var på flyttefot, denne gongen på veg til Moster der Knut hadde



Ekteparet Knut og Serine Hovland hos fotografen.

Foto utlånt av Kåre Vespestad.

fått jobb i kalkbrotet. I dette området tok ein ut kalkstein og marmor som særleg vart nytta til å pynte opp staselege bygningar i inn- og utland. Kalksteindrifta på Moster hadde starta allereie tidleg på 1700-talet, og utvikla seg frå 1870 til godt utpå 1900-talet til ei stor næring. Først på 1960-talet vart det slutt på verksemda, og i dag er kalksteinsbrotet betre kjent som Moster Amfi.

Mens Knut jobba i gullgruvene, gjekk livet sin gong ellers i verda. I London herja Jack the Ripper, grammofonen vart funnen opp, Eiffeltårnet reist i Paris og ein liten gut med namn Adolf Hitler kom til verda lenger sør i Europa. I Amerika gjekk stadig fleire delstatar inn i unionen USA, og nye landområde vart lagt ut for nybyggjarar. Det førte til ein boom av innvandrarar frå Noreg og resten av Europa. Heile 29.000 nordmenn – deriblant mange bømlingar – søkte lykka som nybyggjarar i USA i løpet av 1889, og det er det høgste talet nokon sinne i løpet av eitt år. Likevel steig folketalet her heime, og ved utgangen av 1890 budde det 2.000.917 personar i gamlelandet.

To nye barn såg dagens lys i Moster kommune. Først ut var Larinsa/Lorence/Larense Karoline, fødd 19. mai 1892. Første del av namne hennar er skriven ulikt i ulike kyrkjebøker. Knut er framleis oppført som ”grubearbeider”, men no budde familien på Totland – der Serine

si mor kom frå. Karoline vart døypt 17. juli 1892 og døydde allereie 15. april 1893 av "hjernebetendels". Ved dødsfallet vart pappa Knut registrert som "murer". Eit år og ni dagar seinare, det vil seie 24. april 1894, såg sonen Lars dagens lys. Familien var no leigebruarar på Nøstbakken under Eikeland. Knut hadde fått eit nytt tilnamn, "Sutle-Knut". Årsaken er usikker, men kanskje hadde han byrja å ta opp veiter og mura naust, to ting som kvar for seg medfører ein del "sutling" med vatn – og som skulle bli livsverket til Knut nokre år seinare.

Rundt århundreskiftet:

Knut gjer bømbling av seg

Knut må ha lika seg godt på øyane som mange år etter at han døydde vart slått saman til ein stor Bømlo-kommune, for han beslutta saman med kona å flytte til søre Bømlo. Når dette skjedde, er imidlertid noko usikkert: Ut frå at to barn vart døypte i Moster i 1892 og 1894, og den eine av dei gravlagt der i 1893, må familien tidlegast

ha komme til søre Bømlo i 1894. Men ifølge bygdeboka slo familien seg ned på Indre Hovland allereide i 1891, der dei kjøpte stova og smia etter Ingebrigt Ingebrigtsen, som flytta til Haugesund. Grunnen bygslo Knut frå Olai Kristiansen.

Ingebrigt hadde på si side budd i huset og smia sidan 1870, då han kjøpte dette av smeden Ole Dahl, som igjen hadde teke over etter smeden Baard Hansen. Det var sistnemte som bygde huset og smia i 1845. Baard var bergensar, og kom til Bømlo under den gode vørsildperioden.

Smia var romsleg og mura opp av stein, og hadde vore nytta til både skoing av hestar og smiing av spadejern, ljaar og fine kistebeslag. I andre høgda, opp ei stor tretrapp, var det snekkerverkstad. Smia vart etterkvart riven.

Hjartet i bustadhuset var eit kjøkken med inngang frå vest, der ein måtte bøya seg litt ned for å komma inn på grunn av ein sval som kom ned. Like innanfor til høyre sto mjølbåra, ein vel ein meter lang kasse som det frå gammalt av var lagra mjøl i. Vidare var det ei dør inn til svala,



Hilsen fra Langevaag.

Bilete viser bygdevegen gjennom Hovland-garden rundt 1910. I forgrunnen Olai-tunet, så stova til "Minare-Knut", med smiemuren og eldhuset. Bak ser du stova på Rasmus-tunet, og Anders-tunet ligg heilt til venstre. Olai-stova står framleis, mens huset til Knut vart rive og erstatta av eit større hus etter at barnebarnet Kasper tok over.

Foto utlånt av Egil Lodden.

der Knut hadde samla opp store mengder av det etterkommarane såg på som skrap, men som i dag sikkert kunne ha vore omsett som antikvitatar. Dette hadde Knut kjøpt opp på auksjonar både fjærnt og nær. Han må ha vore ein samlartype, som ikkje likte å kasta ting.

Mot nordaust var det eit lite kammers med plass til ei seng. Mot aust var det ein gang med stige opp til lemen, som hadde ei sval i kvar ende og elles var uinnredd så lenge Knut levde. På austsida av huset var det nok ei inngangsdør. Denne hadde fiskebeinsmønster, og var finare enn den i vest. Gjekk ein inn denne døra, kom ein inn i ei lita, fin stove, der det var seng, bord og ein benk som kunne dras ut.

Ute var det eit vaskehus, som også var fullt av diverse gjenstandar. Gråsteinsmuren som stod att etter smia, ”Smiemuren”, vart også nytta til lager for Knut sine mange skattar. Den gamle hovudvegen til Zahlahuset gjekk for øvrig rett gjennom tunet.

Knut og Serine sitt siste barn, Karl Severin, kom til verda på Hovland 27. mars 1898. Knut var no 47 år gammal, og Serine 46. Eldstedottera Marie var 21 år gammal. Karl Severin var nok ikkje heilt frisk då han kom til verda, for 4. april heldt Anders Andersen Hovland heimedåp for guten, med mamma Serine og Gunhilde Helgesdatter Hovland som vitner. Dåpen vart for øvrig stadfesta i kyrkja 6. mai 1898.

Sjølv om Knut og Serine ikkje fekk fleire barn no, var det ikkje slutt på barneoppdragelse i stova deira: Marie sine barn Sigrid og Kasper vart oppfostra hjå besteforeldra sine. Karl, eller ”Kalle-mannen”, budde dessutan heime så lenge foreldra levde.

Etter at familien slo seg ned på Hovland, haldt Knut fram med steinarbeid. Han vart omtala som ein dugande steinmann og murar, og fekk etter kvart tilnamnet ”Minare-Knut” av folket i bygda. Kallenamnet kom av ordet minering (mining), som tyder å sprengje i fjell. Den då veletablerte bergbrytingsteknikken besto av at ein nytta eit handhalde slagbor eller mineringsbor som ein vrei mellom kvart sleggeslag. Ein nytta så krutt til sjølve sprengningen, derav omtalen kruttsprengring. Krutt var det dominerandre sprengstoffet i Europa fram til slutten av 1800-talet, til tross for at dynamitten vart oppfunnen og



Tre flotte, unge kvinner på besøk hos fotograf O. Olvik i Haugesund tidleg på 1900-talet: Frå venstre Sigurda og Nora, to av døtrene til ”Minare-Knut’n”, saman med ei ikkje identifisert venninne. Foto utlånt av Ingvald Hovland.

patentert allereie på 1860-talet. Me kan ta det for gitt at Knut jobba med minering allereie i tida han dreiv i gullgruvene på Lykling.

”Minare-Knut’n” rydda mange husgrunnar, tok opp mange store veiter, og murte i løpet av karrieren eit stort antal husmurar og loddpiper på øyane rundt i Sunnhordland. Kanskje også i Lykling-området. Me veit at ein svær haug med gullaktig steinstøv ved Djupavika på Lykling forsvann som pussesand litt etter litt etter at gruedrifta vart avvikla. Støvet vart brukt som beslag på pipene rundt i bygda – kanskje også av Knut.

Mange brygger, kaiar og sjøhusmurar sto Knut også for i løpet av dei rundt 40 åra han budde på Bømlo. Mellom anna laga han den



Knut Osmundsen kom frå ein fjellgard i Åkrafjorden, Serine Olsdatter frå ein husmannsplass i Sveio. Ekteparet farta mykje rundt i Sunnhordland dei første åra, men slo seg til slutt ned på Hovland saman med sin stadig aukande ungeflokk. Karl Severin, eller "Kalle-mannen", vart deira siste barn. Her utanfor stova på Hovland. Foto utlånt av Egil Lodden.

første kaien på Zahlahuset. Steinen vart henta frå murane som sto igjen etter alle saltebuene som tidlegare hadde vore i Hovlandshagen. Buene vart rivne ei etter ei etter at det vart slutt med vårsildfisket i 1870. No gav grunneigarane steinen i murane til kai på Zahlahuset, gratis, mot å få bruke den nye kaien kostnadsfritt. "Og Knut'en han minte, og fjedle det brast, men dei så var i bakhuset hadde inga hast", heiter det i ei vise om denne byggjeprosessen.

Grunneigarane i Hovlandshagen gjekk dessutan saman og fekk Knut til å ta opp ei stor veit frå Hovlandstjødnå og søraust til Klypene, slik at Tjødnamyra kunne dyrkas opp. Dette skal ha skjedd allereie i 1890, før familien offisielt hadde komme til gards. Kanskje var dette prosjektet, og utsiktene til fleire store jobbar, avgjerande for at Knut tok familien med seg til Hovland?

Arbeidet må ha vore både tungt og

vanskeleg med hjelpemidlene ein hadde rundt århundreskiftet; det meste måtte gjerast med handemakt. Som Knut sjølv så treffande sa det i godt vaksen alder: "Det er eit stort under at armene heng på kroppen".

Ved folketellinga i januar 1900 er åtte personar heimheyrande i husstanden til "graastensmurer" Knut Osmundsen (som også vart titulert murermeister) på Hovland og "graastensmurerkone" Serina Olsdatter. Døtrene Helga og Sigurda, samt sonen Oluf, må ha flytta ut, medan dei andre var ugifte og budde heime. Serina sjølv var for øvrig på vitjing i Haugesund då folketellinga fann stad, medan sonen Osmund, som var "sjømand", var på "Søndmøre" på dette tidspunktet.

Også Knut var, som fleire gongar nemnt, ein sjøvant kar. I ei årrekkje deltok han i sildefisket, nokre av åra med eigen båt. Han var vidare kyrkjetenar og gravar i ei årrekkje,

noko han etter sigande haldt fram med til han var rundt 84 år gammal. Det vert fortalt at Knut hadde fast plass i kyrkja på Vorland: Han sto nemleg for fyringa i den gamle vedommen midt i kyrkjekipet, og dermed vart han sitjande på benken ved sidan av. I dag er vedommen borte, men benken hans er framleis kortare enn dei andre – og ein ser lett kor omnen har stått.

Rundt århundreskiftet vart filmen ein realitet, røntgenstråla oppdaga og dei første moderne olympiske leikane vart arrangert i Athen i Hellas. Vidare vart bindersens funnen opp, og det vart allmenn stemmerett for menn i Noreg. Ved utgangen av 1900 var det 2,2 millionar menneske i Noreg, og nestan tre firedelar budde i landkommunar.

Me veit ikkje kor engasjert Knut og Serine var då unionen mellom Noreg og Sverige vart oppløyst i 1905, eller at Noreg fekk ein ny dansk-britisk kongefamilie. Derimot kan ein anta at Knut fekk med seg og vart opptatt av forliset ved Lyngholmen i Sveio 1. mars 1906. Då gjekk dampskipet "Thor" ned, like over fjorden for Bømlø, og 39 menneske miste livet.

Knut registrerte nok også at den første T-Forden såg dagens lys i 1908, medan det lokalt nok vart snakka meir om ein annan hending samme år: At det vart forbod mot fiske med trål på norsk fisketerritorium.

1920- og 1930-åra:

Knut som gammal mann

Serine Hovland døydd av "kræft" 8. februar 1928, 75 år og tre månader gammal. Ho vart gravlagd 16. februar, med jordpåkastelse tre dagar seinare. Før ho døydd hadde Serine rukke å få med seg at det vart allmenn stemmerett for kvinner, første verdskrigen – der Noreg haldt seg nøytral – og debatten om brennevin skulle vera eit lovleg produkt eller ikkje. Ho og familien slapp unna den fæle spanskesjuka som herja i Noreg og resten av verda i 1918, og kosta mellom 20 og 40 millionar menneske livet. Tre år før Serine døydd gav Adolf Hitler ut første bind av "Mein Kampf", Kristiania skifta namn til Oslo, det vart teke patent på ostehøvelen og dei første regulære kringkastingssendingane starta. Samme året som Serine gjekk bort, vart dessutan T-banen i Oslo opna.

Knut fekk leva i ni år som ekkjemann. Han

hadde mellom anna omgong med Nils Johan Jørgensen, alias "Marens-Nils'n". Dei to var nok svært ulike der dei sat og røykte og skrøna på bråtet ned mot sjøen: Knut var liten og tynn, etter kvart med eit spisst "julenisseskjegg", "Marens-Nils'n" med sitt noko meir runde andlet. "Minare-Knut'n" og "Marens-Nils'n" var for øvrig som familie å rekna, etter at Knut si dotter og Nils sin son hadde gifta seg og stifta familie – og dei dermed fekk felles barnebarn.

Knut fulgte med på kva som skjedde rundt i distriktet og verda for øvrig. Han var fast lesar av Hugesunds Dagblad, takka vere brillene sine, til langt opp i alderdommen. Dersom han finleste avisa kvar dag, registrerte han nok at den første Oscar-utdelinga føregjekk i Hollywood i USA, samme året som kronprins Olav av Noreg gifta seg med kusina si, prinsesse Märtha av Sverige (1929), og at lydfilmen inntok Noreg (1931). Dessutan levde Knut lenge nok til at Donald Duck såg dagens lys i filmen "Den kloke lille høna" (1934), at Charlie Chaplin lanserte sin satiriske film om utviklinga av samfunnet, "Modern Times" (1936) – og ikkje minst må han ha fått med seg opptrappinga til det som nokre år etter hans død skulle bli den andre verdskrigen.

Knut vart buande i heimen sin til han døydd av "alderdom" 18. februar 1937, tre dagar før vår noverande konge, Harald, vart fødd. Knut Hovland vart gravlagd på Eide 27. februar. Med sine nesten 86 år vart Knut etter måten og tida ein svært gammal mann – men ikkje på langt nær så gammal som mormora Valborg på Bråskot: Ho var nesten 102 år då ho døydd i 1897!

Barnebarnet Sigrid stelte for Knut heilt til han sovna inn, og sonen Karl, best kjent som "Kalle-mannen", budde også i barndomsheimen så lenge faren levde. Knut var rask og rørig til han var langt oppe i åra, men den siste tida låg han til sengs – tynn i anletet, ikkje heilt i toppform, men med pipa i munnen. Glad i dyr som han var, hadde han gjerne katten Mirri ved sidan av seg, og strauk og kosa med den.

Til det siste var Knut ein triveleg og gosseleg mann, som det nok var koseleg å vitja for den raskt aukande skaren av etterkommarar. "Bestefar i ståvå" framsto nok som litt meir medgjerleg enn kona, som nok kunne vere litt bestemt overfor barnebarna. Ho framsto ikkje som direkte sint og vanskeleg, men Serine



Kasper Dagsland vaks opp på Hovland hos besteforeldra Knut og Serine. Han tok også over huset etter dei. Her på trappa rundt 1941 saman med kona Dagny og barna Else (frå venstre), Knut, Dagmar, Kristian og Harald. Kaien i bakgrunnen.

Foto utlånt av Egil Lodden.

visste heilt klart kva ho ville. Mellom anna var både ho og mannen nøye på at barna og seinare barnebarna lærte seg å seia "deg og meg", ikkje "meg og deg" – altså først dei andre og så seg sjølv.

Det vert fortalt at Knut sjølv ikkje alltid var fullt så nøye på at det var strøkt rundt han som kona – noko hans allereie omtala skattesamling viser. For eksempel tok han eit tilreisande barnebarn i forsvar då gutungen fekk skjenn for å slå ein stor spiker i dørstokken: "Berre la han få spikra. Det går då an å ta den ut igjen!", skal "Minare-Knut'n" ha slått fast.

Avslutningsvis nokre ord om dei av barna til Knut og Serine som slo seg ned på Bømlo, eller der etterkommarane fekk band til Bømlo:

Olive Marie (f. 1877) flytta til Haugesund for å tena, og vart som mange andre bømlajenter verande i by'n. Ho gifte seg med Erik Dagsland (f. 1870), og saman fekk dei barna Emelie (f. 1901), Sigrid (f. 1903), Kasper (f. 1905) samt Erling. (Olive) Marie vart gift på nytt i Bergen.

Dette ekteskapet skal ha resultert i tre barn.

Sigrid og Kasper vart oppfostra hjå Knut og Serine etter at foreldra skilte lag, og både dei og eldstesøstera fekk tette band til Langevåg-bygda også i vaksen alder:

Emelie vart som vaksen kvinne buande i Haugesund med ektemannen, men ho var mykje på Bømlo på ferie. Sonen Egil gifte seg med Valborg Kolbjørnsen frå Kallevåg, og etterkommarane deira nyttar framleis barndomsheimen hennar som feriebustad.

Sigrid tok seg av Knut fram til han døydde, og gifta seg i 1936 med den seks år eldre ekkjemannen Endre Endresen ("Indren i Dalen") og flytta til han i Dalen. Dei fekk ikkje barn saman, men Endre hadde to søner frå sitt første ekteskap.

Kasper tok over huset på Hovland etter bestefaren Knut, og fekk skøyte på den tidlegare bygsla grunnen i 1942. Kasper reiv den gamle stova. Hit flytta han eit nestan 100 år gammalt hus som han hadde kjøpt i Hilleren i Vestvik. Allereie i 1944 døydde Kasper frå den tre år yngre kona Dagny, og etterlot seg seks barn: Dagmar,

Kristian, Knut, Harald, Else og Hanna. Av desse vart Dagmar, Kristian og Hanna (Hannemor) verande i heimbygda, der dei vart gifte og stifta familiar.

Som eit apropos kan det nemnast at Kristian sin son Tommy, altså Knut og Serine sitt tippoldebarn, i dag bur i huset på tunet der Knut og Serine sitt hus i si tid låg.

Helga Sofie (f. 1878) flytta som eldstesøstera til Haugesund. Ho gifta seg med Johan Thuestad (f. 1874), og dei fekk fire barn: Gyrid (f. 1901), Johanna, Knut (f. 1906) og Serine (f. 1908). Helga døydde tidleg, og ekkjemannen gifta seg opp att. Helga sine barn fekk dermed fleire halvsøsken. Familien flytta til Viksøy ved Marstein fyr i Austevoll.

Ingen av Helga sine barn flytta til Bømlo, men den eldste av Serine sine åtte barn, Solveig, gifta seg i 1954 med Toralf Brekke frå Espevær. Paret budde i lærarleiligheten i skulehuset på Espevær i to og eit halvt år, og flytta til Haugesund då fisket slo feil på siste halvdel av 1950-talet. Nokre år før han gifta seg hadde Toralf kjøpt det då nesten 100 år gamle Jensahuset vest på øya, saman med broren og faren – to blad Lars Brekke. Her var det tre leilighetar som var utleigd det meste av tida. Huset er framleis i familien si eige, no er det Solveig og Toralf sine fire barn som eig det saman og nyttar det til sommarhus.

Osmund (f. 1880) utvandra til USA. Kontakten med gamlelandet ble etter kvart broten, men etter det ein veit skal han både ha gifta seg og fått barn ”over there”.

Sigurda Anette Kristine (f. 1883) gifta seg med Kristian Tuv (f.1884) frå Salten i Nordland. Dei budde først nokre år i Kirkenes, før Sigurda fekk lokka Kristian med seg til Bømlo. I 1918 flytta dei inn i leigde lokaler i Sundtahuaset i Vespestadvågen. Der dreiv dei ein liten landhandel, noko som ga god inntekt særleg under vårsildfisket, då det krydde av folk i området. Kristian døydde i 1926, og Sigurda flytta til Lønning. Frå 1930 av fekk ho leiga ”Siri-ståvå” av Bømlo kommune, mot å ”ta vare på” Oline, alias ”Siri-Lino”. I 1947 kjøpte ho stova. Huset vart rive og nytt hus sett opp i 1950. Oline budde her til ho døydde i 1965. Sigurda livnærte seg



Helga Sofie Knutsdatter Hovland og Johan Thuestad.

Foto utlånt av Solveig Brekke.

som sydame/skreddar. Sigurda og Kristian hadde barna Karl (f. 1908), Sigurd (f. 1914), Helga (f. 1916) og Solveig (f. 1920). Mens Sigurd utvandra til USA, slo dei andre tre seg ned på Stord og i Haugesund.

Oluf Dorteas (f. 1885) gifta seg med Ågot Jensine Marie Rasmusdatter frå Osnes i Etne, og saman slo dei seg ned på Framnes i Vikebygd. Her dreiv dei jord i mange år. Paret fekk åtte barn, som slo seg ned i Stavanger- og Haugesund-området. Etter at Oluf døydde, tok dottera Konstane, busett i Haugesund og tidleg ekkje, seg av mora ei tid. Familien hadde lite kontakt med slekta på Bømlo – men det er på det reine at bestefar Knut var fadder då eldstesonen vart boren til dåpen.

Valborg Leonora (f. 1888), best kjent som Nora, gifta seg med Ingvald Mandius Nilsen Hovland (f. 1888). Dei budde sine første år som ektepar i leigde lokale på Vespestad og nede ved sjøen på Hovland, før dei bygde sitt eige hus. Ingvald kjøpte grunnen av faren Nils Jørgensen i 1918. Dei vart samme år ein seksbarnsfamilie: Aslaug

(f. 1910), Signe (f. 1912), Nils (f. 1914), Ida (f. 1915), Karoline (f. 1917) og Helene (f. 1918). Karoline døydde allereie i 1919, nokre få månader før faren Ingvald. Nora vart altså ekkje berre 31 år gammal – med fem barn og eit heilt nytt hus. Det vart trange tider, og Nora byrja å gå mykje ut på sildesalting for å få økonomien til å strekkja til. Nora døydde i 1967. Alle barna hennar fekk sterke band til Bømlo:

Aslaug gifte seg med Bernhard Rasmussen Hovland, og slo seg ned på Hovland. Dei fekk sønene Ingvald Leonhard og Rodolf Louis, som også vart buande på Hovland-garden med sine familiar.

Signe vart gift med Arnold Ingebrigtsen i Haugesund. Etterkommarane deira har ikkje gjort bømmlinar av seg, men har ofte besøkt bømmlafamilien sin.

Nils gifta seg med Sigfrid frå Volda. Dei tok over heimehuset hans på Hovland. Tre av Nils og Sigfrid sine barn vart buande på Bømlo: tvillingane Ingvald og Gunnar, samt Sonja.


Ida flytta i ungdomsåra til Haugesund for å tena, og vart sidan gift med Olav Austreim og verande i by'n. Sjølv om ho aldri flytta heim til Bømlo igjen, vart banda til heimbygda halden ved like: I mange år kom ho på sommarferie heim til mor Nora, og etter at Nora gjekk bort vart tradisjonen halden ved like ved å vitja søster Helene.

Helene gifta seg med Daniel Vespestad frå ein av nabogardane på Hovland. Dei fekk sønene Ivar Luis og Kåre. Begge vart buande i heimbygda.


Torbjørn (f. 1890) slo seg ned på Tittelsnes i Sveio, saman med kona Ingeborg Elena. Dei fekk tre barn. Torbjørn var i USA i 14 år, der han dreiv ein flisefabrikk. Han hadde ein pen slump pengar med seg i bagasjen då han kom heim til gamlelandet igjen – då barna byrja å vekse til. På Bømlo gjekk Torbjørn heile livet under kallenamnet "Tåmmen", og han hadde god kontakt med mellom anna søstera Nora og niesa Helene: Det var stor stas



Valborg Leonora (Nora) Knutsdatter Hovland og Ingvald Mandius Nilsen Hovland. Foto utlånt av Kåre Vespestad.



Oluf Dortheas Knutsen Hovland og Ågot Jensine Marie Rasmusdatter. Foto utlånt av Konstanse Riise.



*Torbjørn Knutsen Hovland og Ingeborg Elena.
Foto utlånt av Kari Svarstad.*

då "Tåmmen" kom over Bømlafjorden med ved på fiskebåten sin. To av dei tre barna til Tåmmen og Ingeborg fekk eigne barn. Desse og familiene deira er i dag spreidde frå Sandnes i sør til Bergen i nord. "Tåmmen" døydde i 1983.

Lars (f. 1894) skal ha flytta til Ullensvang som 14-åring, truleg for å jobbe som dreng. Som vaksen vart han gift med Kari på Buøy i Stavanger. Lars var tømmermann. Han skada handa si i ung alder, og fekk blodforgiftning og døydde då han var rundt 30 år. Banda til Bømlø vart gradvis broten etter at Lars gjekk bort. Han etterlet seg fire barn: Serine, Marie, Camilla og Lars. Camilla fekk ingen barn, men dei tre andre fekk til saman sju barn. Eit av barna gjorde amerikanar av seg, mens etterkommarane av dei andre bur i Stavanger-området.

Karl (f. 1898) var det siste barnet til Knut og Serine. Karl, eller "Kalle-mannen", var sjukleg, det var "litt lite med ham", som ein sa. Trass i dette arbeidde han som postmann i heimbygda i ei årrekkje, og klarte trass i dårleg skulebakgrunn å lesa namna på breva han delte ut. Det er på det reine at han i dag nok ville ha fått ein heil annan oppfølging enn foreldra og samfunnet kunne tilby han den gongen. "Kalle-mannen" budde heime hjå faren så lenge Knut levde. Deretter flytta han til søstera Nora, der han budde resten av livet. Han døydde i 1945.

Skriftlege kjelder:

- "Bømlø bygdebok Bind III. Gards- og ættesoge for Bømlø sokn" av Kari Shetelig Hovland
- "Bømlø Bygdebok Bind IV. Gards- og ættesoge for Moster sokn" av Simon Steinsbø
- "Skåneviksoga Andre bandet" av Anders Haugland
- "Stord bygdebok. Gards- og ættesoga" av Ola Høyland
- "Gards- og ættesoge for Sveio. Band I: Gamle Valestrand kommune" av Simon Steinsbø
- "Gjemt og halvglemt fra gamle Åkrafjorden", Haugesunds Avis 25. november 1978
- "Historiske refleksjoner fra Kyrping til Fjæra", Haugesunds Avis 23. november 1981
- "Knut Osmundsen Hovland 85 aar", Haugesunds Dagblad mars 1936
- "Gullaldaren på Løkling" på bomlo.kommune.no (kjelde: Brynjar Stautland)
- "Kalk- og marmorbrot på Moster" på bomlo.kommune.no, (kjelde: Tor J. Birkeland)
- Slektsarbeid av Sverre Ingebrigtsen, 1980
- Kyrkjebøker frå Skånevik, Sveio (Valestrand og Vikebygd), Stord og Finnås (Bremnes, Moster og Bømlø) på digitalarkivet.no. Nettstadene mosteramfi.no, kulleseidkanalen.no, wikipedia.org. Diverse andre nettstader og nettaviser. Diverse oppslagsbøker.

Muntlege kjelder:

- Helene Vespestad (barnebarn), Ida Austreim (barnebarn), Kari Svarstad (barnebarn), Konstane Riise (barnebarn), Berta Pettersen (barnebarn), Kåre Vespestad (oldebarn), Dagmar Vespestad (oldebarn), Ingvald Hovland (oldebarn), Solveig Brekke (oldebarn), Leif Hovland (oldebarn), Thomas Brekke (tippoldebarn).

Karinstova - og folket som budde der

Av Bernt Emil Vika

Like ved riksvegen på Hovland ligg Karinstova. Huset i seg sjølv er lite, men dei som har budd der utgjer i dag ei stor slekt, og mange av dei har flytta langt. Den vesle, unnselige stova ber såleis på ei stor historie.

Karinstova står på garden Indre Hovland, g.nr. 53, br.nr. 4. Sidan 1811 hadde Paul Aadnesen Lønningnes vore eigar av dette gardsbruket. Han hadde fått kjøpa bruket etter Nils Olsen Vold på dei vilkåra at han gifta seg med stedottera til Nils, Marithe Andersdotter. Kjøpet av garden og ekteskapsvilkåra vart tinglyst 16.09.1812, og her står det m.a. *”-med sin hustrues samtykke solgt og avhændet til Paul Aadnesen paa Kondition at han ægter min steddatter Marithe Andersdtr.”* Kjøpesummen var 200 Riksdalar.

I våre dagar ville nok slike ekteskapskoplingar bli sett på som litt rare, men på den tida var tilgong på jord, og dermed eit livsgrunnlag, så viktig at ein kunne gå med på slike vilkår. Trass i denne noko rare ekteskapsinngåinga, ser det ut som om Paul og Marithe hadde det bra saman. Dei fekk i alt 9 born, men som vi så ofte les om frå den tida, fall mange frå som små. 5 døydde som spedborn, og ein vart biten av ein orm og døydde berre 9 år gammal. Berre 3 gutar vaks opp, Anders, Nils og Jørgen.

Som ein forstår var livet hardt for Paul og Marithe. I tillegg til saknet av dei mange borna, kom slitet med gardsdrifta. Dette var så visst ikkje nokon dans på roser. Garden gav lite inntekt, og dei fekk problem med å betala skatt. Ein av kneikane kom dei over ved å selja ei nausttomt i Larsastrando.

Paul var 23 år gammal i 1811 då han kjøpte gardsbruket på Hovland. Han dreiv garden fram til 1838 og var då 50 år gammal. Då selde han bruket til ein Hans Larsen Lyngholmen, og bygde eit lite vilkårshus for seg og Marithe. Huset fekk snart kallenamnet Pådlastovo. Det er dette huset som i dag blir kalla Karinstova. Paul tok

unna eit stykke av garden han selde som vilkår, *-fra Stenebakken til Lønningshammeren-* som det står i vilkårsbrevet. Seinare vart dette stykket kalla ”Pådlastykkjet”.

Det er ukjent om huset såg slik ut på den tida som det gjer no. Stovedelen av huset er tømra, og ein må gå ut ifrå at denne delen er frå den tida huset var nytt. I nordaustre delen av huset er det kombinert inngangsparti og kjøkken. Denne delen er bygt med vanleg reisverk. Her er det stor gruve, og nokre kjøkkenskap er plasserte på golvet langs den eine vegg. På to av veggane heng det opne hylleskap. Langs nordsida av huset er det bygt ei sval for oppevaring av diverse reiskapar, mat, ved og torv.

Paul og Marithe var no vilkårsfolk på det bruket dei hadde selt. Å sitja i vilkår var ei ordning tillaga for å gi ein slags omsorg for eldre folk på gardane. Når eigarane av eit gardsbruk vart gamle og ikkje greidde å driva garden lenger, var det vanleg at dei overlet drifta til den eldste av borna. Sjølv flytta dei gjerne inn i eit såkalla vilkårshus, eit bustadhus som var ein god del mindre enn hovudhuset. På gardar der det ikkje fanst vilkårshus budde dei gamle i ein del av gardshuset. For å sikra seg nok mat og tenester frå dei unge, vart det sett opp eit vilkårsbrev. Her vart det, i forhandlingar mellom dei unge og dei gamle, i detalj sett opp kor mykje dei gamle skulle ha av korn, mjølk, kjøt, brensel, lampeolje, beite for dyr etc. Vilårsbrevet vart tinglyst hos sorenskrivaren og var såleis eit offentleg dokument forpliktande for begge parter. Ofte var det vanskeleg for dei unge å oppfylla krava i vilkårsbrevet, og det vart nok ofte ”murra” over at dei gamle var for grådige. Det finst eksempel på at dei gamle mottok så mykje i vilkår at dei

kunne selja vidare til andre. Vilkårordninga fall bort då det offentlege overtok omsorga for eldre folk, med trygd, heimehjelp, trygdebustader, alders- og sjukeheimar.

Paul og Marithe budde i Pådlastovo til dei døydde, han i 1860, 72 år gammal og ho i 1875, 85 år gammal. Ein av sønene deira, Anders, hadde heile tida budd heime og tok over Pådlastovo då foreldra døydde. Han var jordlaus og livnærte seg av fiske. Anders var gift to gonger. Den første kona hans var Malene Danielsdtr. Vold. Med henne fekk han to born, Nils Johan og Marta Maria. Malene døydde i 1874 og Nils Johan i 1875, det same året som mor til Anders døydde. Anders gifta seg så med Helene Olsdtr. Vespestad, "Fure-Helene". Ho var 20 år yngre enn Anders. Dei fekk ingen born.

Då Anders døydde i 1883, kjøpte kommunen Pådlastovo.

Helene gifta seg ei stund etter med Karl Amundsen Lønning, "Røysa-Karl". Ho tok stedottera Marta Maria, "Pådla-Mario", med seg, og dei flytte til Vespestad alle tre.

Så flytta det nye folk inn i Pådlastovo. Ein Johannes Gudmundsen, f. 16.08.1840, frå Vandaskog i Sveio kom til Hovland som dreng. Dette var under det gode vårsildfisket på slutten av 1800-talet. Ein må gå ut ifrå at fiskarbøndene på Hovland og på dei andre gardane her gjorde det såpass bra med sildefisket på den tida at nokre såg seg råd til å halda dreng. Johannes vart gift med (Valborg) Karine Olsdtr. Lønning, f. 14.02.1850, og det var desse som no overtok Pådlastovo. Johannes arbeidde som jord- og steinarbeidar, og Karine tok tilfeldig arbeid hos folk i onnene. Pådlastovo fekk no nytt kallenamn og vart heitande Karinestova.

Johannes og Karine fekk 8 gutar, og trass i dei tronge og kummerlege tilhøva i den vesle stova vaks alle opp. Gutane var:

Ole Johan, f. 18.09.1871
Martin Gustav, f. 24.10.1872
Anton Kornelius, f. 14.03.1876
Vilhelm Severin, f. 26.08.1879
Reinert Andreas, f. 16.06.1883
Hans Mathias, f. 04.03.1886
John Kristian, f. 23.01.1889
Johannes, f. 22.07.1892

Som ein ser var det heile 21 år mellom den yngste og den eldste guten, så alle budde ikkje heime samtidig. Det ville nok heller ikkje vore mogeleg i ei så lita stove. Nei, dei ville ut, og her var det Amerika som lokka. Etter kvart som dei vaks til, sette dei difor kursen mot landet "over there" den eine etter den andre. I 1891 reiste dei to første. Det var Ole Johan og Martin Gustav. Desse lokka dei andre til å koma over, og sende billetter til dei for at dei skulle få råd til turen. Såleis sende dei eldste billetter til dei yngre, heilt til alle hadde reist, bortsett frå den yngste, Johannes. Ein må gå ut ifrå at Johannes også hadde lyst å reisa, men det blir sagt at foreldra hans ikkje ville at han skulle dra. Kanskje hadde han ikkje samvit til å forlata foreldra sine i den kummerlege stova heller?

Johannes var fødd eit år etter at dei to eldste brørne hans emigrerte. Han visste difor ikkje korleis desse brørne såg ut. I 1911 bestemte Ole Johan seg for å ta turen tilbake til Noreg for å vitja foreldra sine og bror sin, Johannes, som han ikkje hadde sett. Johannes var då 19 år gammal. Tilfellet ville det slik at både Ole Johan og Johannes kom heim til Bømlø med same rutebåten. Johannes såg på denne framande karen og syntest det var noko kjent med han. Då var det nokre kjente som fortalde han at det var bror hans som var komen heim frå Amerika. Dette må ha vore eit overraskande og gledeleg møte både for Ole Johan og Johannes.

Som nemnt ovanfor drog ikkje Johannes til Amerika. I staden bygde han hus på Hovland, nedpå brotkanten mot Langevåg, og tok foreldra sine med seg frå Karinestova då han flytte inn i det nye huset. Dette skjedde i 1917. Så vidt ein veit har det ikkje budd folk i Karinestova etter dette.

Foreldra til Johannes fekk oppleva å bu i det nye huset nokre år. Faren, Johannes Gudmundsen døydde 01.12.1919, 79 år gammal, og mora, Karine, døydde 27.04.1922, 72 år gammal.

Johannes gifta seg med Anna Aanensdtr. Tollevik, og saman fekk dei gutane Johan, f. 1917 og Aanen, f. 1920. Begge busette seg seinare på Vespestad. Anna fødde også ei jente sommaren 1923, men både mor og barn døydde under fødselen. Johannes var fiskeskipper på makrelldorging og vintersildfiske. Han førde

båtane "Ladas" og "Daisy". Begge desse var han medeigar i. Med "Daisy" var han fleire somrar på Nordland og salta sild. I 1932 gifta han seg på nytt, med Jenny Olaisdtr. Han selde huset på Hovland og flytta til Vespestad.

I 1950 reiste Johannes på besøk til brørne sine i USA. Dei spanderte reisa på han. Han tok amerikabåten til New York og tog derifrå til Chicago, der han vart motteken av fleire av brørne. Johannes var i Amerika i 6 månader.


Johannes døydde i 1975. Etter alt å døma var han då den siste gjenlevande som hadde budd i Karinestova.

Som skikken var på den tida hadde nokre av dei som utvandra "amerikanisert" namna sine, t.d. vart John Kristian berre kalla "Christ", Ole Johan vart kalla "John" og Hans Mathias "Matt". Alle reiste til dei "norske" områda i USA, North Dakota og Montana. Her var det nok av jord å ta av, og alle vart farmarar. Tre av dei, Anton Kornelius, Reinert Andreas og John Kristian var ugifte. Dei andre gifta seg og fekk store barnekull, Ole Johan heile 10 born.

Å presentera livet til alle dei 7 brørne som utvandra til Amerika vil føra for langt, vi veit dessutan ikkje så mykje om den enkelte av dei. Men Ole Johan har vi ein del kjennskap til og han kan stå som eit eksempel på korleis det gjekk med dei.

Då Ole Johan kom til USA, slo han seg ned i Hatton i North Dakota. Der fekk han arbeid på ein gard. Han tok også anna arbeid ved sida av gardsarbeidet. Året etter at han kom til Amerika, gifta han seg med Bertha Vik. Ho hadde også utvandra frå Noreg og kom opphaveleg frå Eidfjord i Hardanger.

Men Ole Johan var ikkje nøgd med å arbeida for andre. Han ville bli sjølvveigande



*Seks av dei sju brødrene som drog til Amerika.
Framme f.v. Martin Gustav, Ole Johan, Anton Kornelius.
Bak f.v. Vilhelm Severin, Hans Mathias, Reinert Andreas.
Foto etter Aanen Hovland.*



*Johannes blei verande heime.
Foto etter Aanen Hovland.*



Ole Johan Hovland.



Bertha Vik Hovland.

bonde med stor gard. Prærien låg der, og her var det berre å forsyna seg. Eit par år etter at dei hadde gifta seg, la dei ut mot dei store gras-slettene. Med hest og kjerre, nokre høns og eit par kyr drog dei vestover. Den første av borna, Agnes, var også komen til. Den 3. juli 1894 vart ein merkedag for Ole Johan og Bertha. Då var grensene sette for den nye garden og dokumenta for eigarskapet underskrivne. Garden var på 160 acres (omlag 650 mål) og låg i Fram kommune i Wells County.

På den nye garden galdt det å greia seg som best ein kunne. Det var lite bygningsmaterial å få tak i, og difor laut dei satsa på hus av torv, både for seg sjølv og dyra. Dei neste to borna, Peter og Carine vart fødde i det primitive torvhuset dei budde i.

Å opparbeida ein så stor gard i Amerika på den tida må ha vore eit enormt slit. Det var nok mange lange arbeidsdagar og tunge tak. Men Ole Johan og Bertha hadde ikkje noko val. Her var det arbeidet for borna, seg sjølv og garden det galdt. Greidde dei ikkje å livnæra seg sjølv, var det lita eller inga hjelp å få frå det offentlege i Amerika på den tida.

Prærien var vindfull, og Ole Johan tok tidleg til å planta tre som ly for vinden.

Han satsa også på frukt- og bærtre. Elles var korn den store avlinga på garden. Ved sida av storfe hadde dei sauer, høner og ender, esel og muldyr. Dessutan hadde dei fleire avlshingstar. Etter nokre år som sjølveigande bonde, kjøpte Ole Johan tilleggsjord, ein parsell på 80 acres, omlag 320 mål. Gode og tenlege hus vart også bygde, både våningshus (bygt i 1899), låve og kornkammer.

I 1911 var Ole Johan heime på besøk hos foreldra sine og den yngste broren. Tilbaketuren til Amerika skulle eigentleg skje med "Titanic", men den nådde han ikkje for båten han skulle følgja til England vart forseinka på grunn av skodde. Dette var han i ettertid sikkert glad for. Dei fleste kjenner vel lagnaden til "Titanic". Båten trefte eit isfjell og gjekk ned. Rundt 1500 personar omkom i denne tragedien.

I tillegg til dei daglege gjeremåla i huset, hadde Bertha mange oppgåver. Om våren klipte ho sauene og karda ulla. Noko av ulla brukte ho til sengklede, men mykje spann ho til trå og strikka klede til heile familien. Under slaktinga om hausten hermetiserte og salta ho kjøtt, ho laga pølser og tok elles på alle måtar vare på råstoffet så godt det let seg gjera.

Ole Johan og Bertha levde no godt på



Farmen til Ole Johan og Bertha rundt 1900. Foto etter Aanen Hovland.

garden. 10 born var komen til verda, dei hadde råd til bil og var etter måten velstående. Men slitet på garden hadde sin pris. Helsa til Ole Johan svikta, og i 1920 laut han selja garden til ei av døtrene og mannen hennar. Tre år seinare kunne han gjenoppta drifta for ei stund. Men han vart stadig dårlegare, og døydde i 1925, 54 år gammal. Bertha dreiv då garden vidare med hjelp frå fire av barna. Bertha levde til 1948. Ho vart 78 år gammal.

I 1980 reiste Aanen, son til Johannes, og kona Borghild til Amerika for å besøkja slekta si der. M.a. besøkte dei huset til Reinert Andreas og John Kristian. Desse hadde budd i same huset og var no borte. Huset var til nedfalls, og det var lett å ta seg inn. Mellom tinga på golvet fann Aanen eit postkort. Dette kortet hadde faren, Johannes, sendt til den siste gjenlevande av brødrene sine, John Kristian (Christ), i 1963. Kortet inneheld daglegdagse nyhende frå Bømlo på den tida. John Kristian levde til utpå 1970-talet. Johannes som sende kortet var då gift for tredje



*Hans Mathias flytta etter kvart inn i eit staseleg gardshus.
Foto etter Aanen Hovland*




*I 1950 var Johannes på besøk hos brørne sine i Amerika.
F. v: Vilhelm Severin, John Kristian, Johannes og Reinert Andreas.
Foto etter Aanen Hovland.*

gong, med Tilla frå Eide, og budde i Eidesdalen.

Etter at Karinestova vart fråflytta i 1917, hadde bruket på Hovland der Karinestova står skifta eigar to gonger. Den vesle stova vart no brukt til så mangt, og den hadde vel meir status som uthus enn bustadhus. Den siste som fekk skøyte på garden var Arnt Tveit i 1945. Han gifta seg med Hildur Pedersdtr. Lønning frå Bømmelhamn. Under hans tid som eigar av bruket vart Karinestova m.a. brukt til smalehus og til oppbevaring av mink. I periodar vart også stova brukt til samlingsstad for mennene på Hovland om formiddagane kvar søndag. Her sat dei og ”skrova” og prata om laust og fast. Om ikkje det lenger skjer i Karinestova, så er vel denne tradisjonen med å samlast om søndagane delvis levande på Hovland den dag i dag.

Tilstanden til Karinestova vart etter kvart verre og verre. I 1969 var ein inne på tanken å riva ”heile skiten”, for tilstanden var så ille at huset haldt på å detta i stavar. Arnt og Hildur såg dette og syntest det var synd at eit hus med så mykje historie skulle bli borte. Dei tok difor kontakt med Husmorlaget og Fiskarlaget og spurde om dei kunne tenkja seg å overta huset og gjera det om til eit lite museum. Dette sa begge laga seg villige til. Borgine Brakestad var på den tida leiar for Husmorlaget og Leif Eide for Fiskarlaget. Men ingen av laga hadde særleg mykje



Teksten på postkortet som Aanen Hovland fann i huset til Reinert Andreas og John Kristian i 1980 då han og kona Borghild besøkte slekta i Amerika



Reinert Andreas og John Kristian sitt hus slik det såg ut i 1980. F.v. Milton, Elmer, Borghild, Loraine. Foto: Aanen Hovland.




Vilhelm Severin med familie. Foto etter Aanen Hovland.

pengar. Difor vart det bestemt at det skulle skipast til ein kulturkveld i gymnastikksalen på skulen. Dette vart gjort, og resultatet vart eit overskot på rundt 1.500,- kr. Sjølve overdragelsen av huset fann stad på dette arrangementet, ved ein høgtidsam seremoni. Sjølvaste lensmann Henrik Robberstad var kalla inn som vitne, og eit fint gavebrev var laga til for alle partar å skriva under på. Overdragelsen vart tinglyst 16.12.1969, og ein symbolsk verdi på stova vart sett til 500,- kr.

Nils Hovland var ein av dei som hugsa korleis stova såg ut medan Karine budde her. Han sette i gong med å byggja opp att gruva, og saman med ein dugnadsgjeng fekk han skifta bordkledning, vindauge og dør. I tillegg til pengane frå kulturkvelden fekk dei 2000,- kr frå kommunen og 500,- kr frå Bømlø Sparebank. Eit lite lån på 2000,- kr dekkja det resterande.

Karinestova var no redda og vart ståande som eit vakkert minne frå fortida, og som eit lysande eksempel på at har ein samhald og vilje



*John Kristian (Christ) i 1971. Han var den som levde lengst av brødrene i Amerika.
Foto etter Aanen Hovland.*



Søndagstreff ved Karinestova ein fin sommardag. Ståande bak f.v. Bernt Strand, Anker Strand, Gunnar Hovland. Sitjande bakerst f.v. Kåre Vespestad, Torvald Hovland, Nils I Hovland, Daniel Vespestad, Bernhard R Hovland. Sitjande i midten heilt til høgre f.v. Lars Tveit, Bjarne Hovland. Sitjande framme f.v. Kornelius Helgesen (Haugesund), Sverre Strand (USA), Johannes Lodden, Randolph A. Hovland (USA), John Strand (USA). Foto frå Ingvald Hovland.

nok, når ein det målet ein har sett seg.

I 1981 var det atter behov for pengar til Karinestova, og ein ny kulturkveld vart skipa til. Kledning på eine langveggen måtte skiftast, og huset måtte beisast. Det vart igjen sendt inn søknad til kommunen om støtte, og dette resulterte i eit tilskot på vel 800,- kr. Elles var kulturkvelden vellukka. Bygdefolket samlast til innslag av ymse slag, allsong og sosialt samvær.

Etter kvart vart Husmorlaget aleine om ansvaret for stova. Men etter som huset vart mindre og mindre brukt, og ein følte at det var litt på "sidelinja" for deira aktivitet, spurde dei Bømlo Tur- og Sogelag om å overta huset. Dette var det stor vilje til i sogelaget, og Karinestova vart overtatt i 2003.

I den seinare tida har mellomtrinnet ved Hillestveit skule nytta Karinestova til eit opplegg i lokalhistorie kalla "Gamle hus fortel". Her får elevane kjennskap til ei rekkje eldre hus på Søre Bømlo ved å besøkja dei aktuelle husa. Dette sikrar at borna får innsikt i lokale tilhøve, og dei lærer å vera takksame for å sleppa å leva under så tronge og kummerlege forhold som mange av forfedrane deira måtte.

Karinestova har no stått på Hovland i rundt 170 år og er vel eit av dei aller eldste husa her på Søre Bømlo. Takk til alle som har bidratt til at stova no er bevart. Bygda vår hadde vore fattigare dersom Karinestova ikkje hadde vore til lenger. Lat oss håpa at det også for framtida er vilje til å ta vare på stova slik at den kan vera eit minne frå fortida for komande generasjonar.



Frå overrekkinga av Karinestova til Bømlo Husmorlag og Bømlo Fiskarlag. Givarane var Arnt og Hildur Tveit. Representantar for dei to laga var Borgine Brakestad og Leif Eide.

Lensmann Henrik Robberstad er vitne.

Foto frå Hans Vespestad.



Karinestova slik ho ser ut no.

Foto: B. E. Vika.

Kjelder:

Kari Shetelig Hovland: Bømlo Bygdebok III.

Artikkel i Bømlo-Nytt 27.05.1994.

Diverse dokument og rekneskap frå Bømlo

Kvinne og Familielag.

Samtale med John Arne og Anne Grete

Hovland.

Takk til Annbjørg Sætre for hjelp med bilete.

Saltebua frå Langevåg - som blei potteri i Sverige

Av Tor M. Simonsen

Farfar, Kristian Emanuel Simonsen, var ein særskild aktiv kar. På Sandnes dreiv han fleire potterier og med eigne skuter frakta han steintøy langs kysten både i Noreg og i grannelanda. Om vinteren blei skutene hans rusta ut og sende på fiske.

Han var amatør fotograf også, farfar. Rundt 1900 kjøpte han seg eit Kodac fotografiapparat No 1A. Med det tok han mange fotografier som han sjølv framkalla og kopierte på papir.

Farfar var ingen stor systematiker. Dei fleste bileta som han tok hamna i esker og konvoluttar. På nokre av dei skreiv han litt på baksida. Eit var merka "Langevaaghuset".

Vel 40 år etter at farfar døydde gjekk me i gang med å sortera og systematisera dei gamle fotografia. I ein konvolutt merka "Strömstad" dukka det opp fleire fotografi av Langevaaghuset.

Brikkene byrja å falla på plass. Her er historia:

I 1897 la svenskane importavgift på varer som kom ifrå Noreg. Det frå før av så rimelege steintøyet frå Sandnes tålte ikkje dette. Før 1897 var det fri import. Det einaste som Tullen i Sverige krevde, var at det fylgde med eit produksjonsbevis frå det norske tollvesenet. I dette dokumentet blei det bekrefta at det dreide seg om varer som var produserte i Noreg - av til dømes norsk leire.

For at dei ikkje skulle tapa den svenske marknaden, skipa farfar eit svensk aksjeselskap og bygde eit potteri etter norsk modell i Strömstad i Sverige. Fabrikken sto ferdig alt i september 1905, same året som dei to grannelanda – broderfolka, oppløyste unionen og skilde lag.



Den gamle saltebua i Langevåg før riving i april 1905.



Arbeidet er i gang. Takkonstruksjonen vert demontert.



Pastor Nilsen med familie er innom og ser på rivingsarbeidet.



*Underwegs med materialene fra Langevåg.
Her omtrent ved Brødstampen. Siggjo i bakgrunnen.*

Fabrikken fekk namnet Aksjebolaget Lerkärtsfabrikken.

Alt tidleg i 1905 – før fabrikken i Strømstad sto ferdig, reiste ein gjeng med arbeidsfolk frå Sandnes til Langevåg på Bømlo. Oppgåva deira var å riva ein stor bygning – eit tidlegare sildesalteri.

Det var folk frå Bergen som hadde reist bygningen på ei bygsla tomt like i strandkanten i Langevåg, tidleg på 1800-talet. Huset innehaldt saltebu for sild og losji for sesongarbeidarar, oftast kvinner – eller ”tipper” som dei støtt vart

kalla i denne samanhengen. Salteriet gjekk etter kvart under namnet ”Bergensbua” og plassen fekk namnet ”Bergensbukta”.

Farfar hadde nok lagt merke til at sildesalteriet sto tomt når han passerte på reisene sine med steintøy langs kysten. Innsiget av sild kom no andre stadar langs kysten og saltebuene på sørvestlandet blei ståande unytta.

Det var behov for materialar til nytt pottteri i Strømstad. Farfar kjøpte sildesalteriet ”på rot”.

Bordkledning, golvplank og reisverk var av god kvalitet. Det

same gjaldt takkonstruksjonen, sutak og teglstein.

Bygningen målte 60 x 16 aln. Frå loftsgolvet til mønet var det 4 aln.

Ein kveld i slutten av april 1905 stemmer to skuter frå Sandnes inn Langevågen. Om bord er det ein arbeidsgjeng på eit dusin karar under leiing av Elias Asperholen. Kristian Emanuel Simonsen var også med saman med den eldste sonen, Simon Kornelius på 15 år.

Tidleg neste morgon gauv dei laus på huset, godt hjelpne av folk frå Langevåg. Det fortelles at eit par spreke smågutar, Johannes og



Lerkärtsfabrikken i Strømstad er ferdig og i drift. Steintøyskutene ligg og ventar på last.

Oluf Hovland frå Langevåg, vart hyrde til å langa ned teglpanner til arbeidskarane.

Etter at taktekinga var fjerna og sutaket tatt ned, blei takåsane demonterte og pluggar og spiker fjerna. Alt blei stabla opp like ved før mannskapet gjekk laus på veggene. Planke for planke vart tekne ned. Til slutt blei golvbord, bjelkelag og semser demontert før alt blei lasta om bord i dei to skutene.

Jobben tok berre to – tre dagar. Dei levde på feltmaner og arbeidde ut over dei ljose vårkveldane. Måltida åt dei under seil som dei spente opp.

1. mai kasta dei loss. S/S Alstein frå Stavanger med kaptein Øvstebø var hyrt inn for å buksera materialskutene den lange vegen til Strömstad i Sverige.

Bygginga av potteriet i Strömstad hadde vore i gang i lang tid då S/S Alstein med skutene på slep frå Langevåg ankom nokre dagar ut i mai 1905. På potteritomta like ved hamna og jernbanestasjonen i Strömstad var grunnmuren alt ferdig. Den store potteriomnen, ein tre etasjar høg ”flaskeomn” kneiste opp frå grunnmuren ned mot fjorden. I den motsette enden av grunnmuren var arbeidet med ”flaksen” i gang. Dette var ein flat omn som blei bygd for å tørka det ferdig dreide steintøyet på, før det blei glasert og brend i den store omnen.

Snart var arbeidet med å reisa potteribygningen til Aksjebolaget Lerkärtsfabrikken i full gang. Alt den 16. september 1905 kunne dette lesast i avisa Norra Bohuslän:

Fabrikken i Sandbugten vid Myren är nu fullt ferdig och fabrikation har till en del tagit sin början. Fabrikken sysselsätter för närvarande 15 mann, men innan kort tid skall rörelsen utvigas och 50 mann kan da ansättas.



*Fabrikken i 1977, før rivingsarbeidet tok til.
Foto: Tor M. Simonsen.*



Enno kan ein sjå deler av fundamenta etter saltebua i Bergensbukta i Langevåg. Foto: B. E. Vika.

Etterskrift:

I dag er det lite som vitnar om bedrifta AB Lerkärtsfabrikken i Strömstad. I 1980 blei bygningen riven og tomta planert. Plassen er no ein del av hamna der dei store fergene frå Sandefjord legg til. Fabrikken i Sandbugten var i drift fram til 1929. I åra etter blei lokala nytta til anna bruk enn steintøyproduksjon.

Dei einaste handfaste prov på det som starta med riving av Langevågshuset, er faktisk dei fundamenta som ein enno i dag kan sjå i Bergensbukta i Langevåg. Dei ligg der i dag som, dei låg der i mai 1905 etter at materialane til Bergenshuset forsvann ut fjorden.



*Kaien på Espevær ca 1918. Ved bryggja ligg seglkutteren "St. Hans".
Foto frå Søre Bømlo Omsorgstun.*

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:
Bernt Emil Vika
Trykkeri:
Leirvik Trykkeri AS, Stord
Opplag:
800 stk.